



STORD  
KOMMUNE



Årsmelding 2011

# Innhold

Rådmannen .....	3
-----------------	---

## ADMINISTRASJON OG LEIING .....4

### Organisasjon.....4

Utvikling tal årsverk/ tal tilsette .....	4
Rekruttering .....	4
Arbeid for å auka nærvær på arbeidsplassane/lågare sjukefråvære .....	4
Kompetanse.....	5
Medarbeiderundersøking.....	5
Likestilling .....	5
Universell utforming .....	5
Beredskap og samfunnstryggleik.....	6
Kommunal planlegging.....	6
Kommunalt innkjøpssamarbeid .....	7
Informasjons- og kommunikasjonsteknologi .....	7
Nøkkeltal .....	8
Kyrkja .....	8

## NÆRING, MILJØ OG KULTUR .....9

### Målsetjing for 2011 .....9

Næringsarbeid.....	9
Landbruk og miljø .....	10
Stord hamnestell.....	11
Nøkkeltal .....	12
Idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og kulturbygg .....	13
Kulturtenester .....	13
Nøkkeltal .....	15
Plan- og byggesaker .....	16
Brann, redning feiing .....	16
Veg, trafikk og park .....	16

## OPPVEKST OG UTDANNING .....17

### Oppvekst og utdanning .....17

Målsetjing for 2011.....	17
Børnehagane .....	17
Nøkkeltal .....	18
Skulane .....	19
Nøkkeltal .....	20
Børnevern .....	21
Nøkkeltal .....	22
PP-tenesta.....	22
Helsesøstertenesta .....	23
Kulturskulen .....	23
Nøkkeltal .....	24

## REHABILITERING, HELSE OG OMSORG .....25

### Målsetjing for 2011.....25

Rehabilitering, helse, omsorg .....	25
Økonomi.....	28

## TEMA .....30

Falturiltu, nynorsk barnebokfestival .....	30
Koordinerande Tillitsperson- "Å vera los i eit uoversiktleg landskap".....	31

## KOMMUNEØKONOMIEN .....32

Utvalde nøkkeltal frå balansen.....	33
Driftsrekneskapen for kommunen syner slik utvikling siste 5 åra.....	34
Frie inntekter.....	35
Driftsrekneskap / budsjett .....	36
Einingsresultat .....	38
Nærare forklaring:.....	39
Kommunen sine plasseringar og avkastning 2011.....	39

## ORGANISASJONSKART .....40

### STORD I ORD OG TAL.....41

# Rådmannen

Aktiviteten i Stordsamfunnet speglar i stor grad ordresituasjonen innanfor den lokale leverandørindustrien. I 2011 var det fleire lyspunkt. Fleire verksemdar fekk nye kontraktar, først og fremst Kværner Stord som fekk tilslag på Eldfisk-kontrakten av Conoco Philips. Gjennom heile året gjekk arbeidsløysa ned med 70 personar. Det var og god auke i tilgangen på stillingar som vart lyst ledige i 2011. I første halvår var det nedgang på permitterte, men frå september auka det igjen. Det heng saman med at Kværner Stord AS hadde Skarv prosjektet våren 2011. Veksten i folketalet heldt fram i 2011, ved årsslutt nærma ein seg 18 000 innbyggjarar. Kommunestyret vedtok på slutten av året kommuneplan for perioden 2011-2021. Denne legg opp til vidare vekst og utvikling gjennom m.a. å leggja til rette område for bustadbygging og næring.

Internt prega den økonomiske situasjonen i kommunen mykje av året. Tidleg i 2011 vart det avdekkja større avvik i budsjettet, og i ein ekstraordinær budsjettrevisjon sette kommunestyret eit innsparingskrav på i overkant av 33 mill kr. Kravet vart innfridd med god margin og sjølve drifta av einingane gjekk ut med eit positivt avvik på 5,2 mill kr. Dette vart oppnådd takk vera godt arbeid og lojalitet på einingane og eg vil takka alle tilsette for innsatsen.

Kommunerekneskapan viste likevel eit meirforbruk på 2,74 mill kr, sjølv om også skatteinntektene var gode. Netto driftsresultat vart -1,4 mill kr. Det som først og fremst forklarar underskotet er negative avvik i avkastinga på kraftsalfondet og på renteinntekter og -utgifter, samla 12,7 millionar kroner. Kommunen har også eit negativt avvik på pensjon på 5,5 millionar, ved at det såkalla premieavviket vart mindre enn budsjettert, og ein svikt i momskompensasjon på nær 3 millionar kroner.

I mars varsla Fylkesmannen at Stord kommune ville bli underlagt statleg kontroll og godkjenning, dvs at kommunen blir innlemma i Robek-registret. Bakgrunnen for registreringa var at kommunen i 2010 ikkje makta å dekkja inn det oppsamla underskotet frå 2008. Stord kommune hadde i 2008 eit underskot på 15,5 mill kr, i hovudsak som følgje av tap på finansplasseringar. Med registrering i ROBEK og eit oppsamla underskot i konsernnet på nær 48 mill kr er det klart at kommunen har ei utfordring, både i høve til drift og tenesteyting, og ikkje minst til å få gjennomført naudsynte investeringar innanfor særleg skule og pleie og omsorg.

Ei hovudutfordring for kommuneøkonomien er at opplegget frå staten ikkje dekker auka utgifter som følgje av vekst i folketal og auka pensjonskostnader. Det betyr at kommunen må effektivisera for å oppretthalda tenestetilbodet. Om ein ikkje må kutta så vil det i alle fall vera vanskeleg å auka standarden på tenestene. Med gjeld på drygt 1 milliard vert kommunen også sårbar for svingingar i rentenivået. Rentenivået har slik sett vore gunstig i 2011. Men kommunen har også ei betydeleg pensjonssparing, og lågt rentenivå gjev på den andre sida auka pensjonskostnader.

2011 var det andre heile driftsåret med dei kommunale føretaka Stord vatn og avlaup KF og Stord kommunale eigedom KF. Modellen har i det store og heile gått seg til, sjølv om ein i året som gjekk hadde nokre styringsmessige utfordringar. Dette vart særleg synleg i samband med rekneskapsavslutninga for 2010 og budsjettet for 2012, der det først på nyåret vart avdekkja store avvik mellom kommunen og eigedomsføretaket sine budsjett. Hovudutfordringa er likevel knappe rammer. Kommunen – basisorganisasjonen – har ikkje hatt ressursar til å betala den reelle kostnaden for drifta av bygningane, internhusløiga, med det



(foto: David Jacobsen)

resultat at etterslepet på vedlikehald tiltek. Dette etterslepet var ved opprettinga av føretaka i 2009 rekna til 300 mill kr og er truleg større i dag. Dei to kommunale føretaka Stord kommunale eigedom KF og Stord vatn og avlaup KF presenterer verksemda si i egne årsmeldingar.

Mykje ressursar gjekk i 2011 med til oppkøyring til Samhandlingsreforma. Denne trådde som kjent i kraft 1. januar 2012. Stord kommune har medverka aktivt i arbeidet med å utvikla Helsetorgmodellen, som er Helse Fonna-regionen sin strategi for å løysa dei oppgåvene reforma pålegg oss. Modellen har vakt interesse også hjå sentrale styresmakter, og ein må vona at reforma vil gje rammer til å setta i verk gode tiltak. Eit sentralt verkemiddel vil vera å til ei kvar tid ha tilstrekkeleg kapasitet til å ta imot utskrivingsklare pasientar. Eit anna å etablere observasjonsplassar slik at ein unngår unødige innleggingar på sjukehus. Slike plassar må etablerast i tilknytning til legevakta. For å få til eit robust tilbod bør desse plassane etablerast saman med fleire kommunar. Å få til eit utvida legevakt-samarbeid, fortrinnsvis i tilknytning til Stord sjukehus, må difor vera ei viktig målsetting frametter.

Stord, mars 2012  
**Magnus Mjør**  
 Rådmann

# Administrasjon og leiing



Dei nye lærlingane i Stord kommune i 2011. (foto: Nina Sørli)

## UTVIKLING TAL ÅRSVERK / TAL TILSETTE

2008	2009	2010	2011
971/1304	952/1307	940/1318	947/ 1302

Stord kommune hadde ved utgangen av året 947 lønna årsverk fordelt på totalt 1302 tilsette. Auken på 7 årsverk frå 2010 til 2011 er fordelt på fleire einingar, og den mest markerte auken kjem på SIB (barnevernet) med 5 årsverk, der to av dei er i prosjekt og 3 er stillingar tildelt av øyremerkt statsstilskot.

Det kan og sjå ut som om det er ein auke innan Rho-området, men her er realiteten at det er overført midlar frå vikarbudsjetten for å tilsetje i faste stillingar eller auka stillingsbrøkar.

Samla for skule og barnehage er det om lag same tal årsverk som året før, med ein liten auke i barnehage og tilsvarende reduksjon i skule. Personalauken i barnehagane skuldast auka tildeling av spesialpedagogisk hjelp.

Andre område har mindre endringar. Forklaringa på at tal tilsette går ned, medan tal årsverk aukar er gjennomgåande høgare stillingsstorleik for fleire tilsette. Dei to kommunale føretaka med sine 77 årsverk (88 tilsette), kjem i tillegg.

## REKRUTTERING

I 2011 var det press på arbeidsmarknaden på Stord og det verkar inn på rekrutteringa til dei kommunaltekniske fagområda. Sjølv om største delen av denne verksemda er utskilt i kommunale føretak, ligg personalarbeidet og såleis også deler av rekrutteringsarbeidet framleis i basisorganisasjonen. Det har vore fleire vakansar i ingeniørstillingar på grunn av mangel på kvalifiserte søkjarar.

Det er likevel mangel på helse- og omsorgspersonell som på sikt er mest alvorleg, spesielt mangel på sjukepleiarar. Bruk av innleigd personale frå Adecco har vore sterkt avgrensa i 2011. Volumauken på tenestene har auka mindre enn før grunna budsjettreduksjonar og me har då langt på veg klart å få søkjarar til stillingane.

I samband med budsjettjusteringar i løpet av året vart det avgjort at OKFAG, som har hatt ansvar for lærlingverksemda i kommunen, skulle leggjast ned og at oppgåvene skulle leggjast tilbake til kommunen.

Sjølv om alderssamansetjinga i lærarstaben og mellom førskulelærarane er høg med til dels stor avgang, har det lukkast å få kvalifiserte søkjarar i ledige pedagogiske stillingar.

## ARBEID FOR Å AUKA NÆRVÆR PÅ ARBEIDSPASSANE/ LÅGARE SJUKEFRÅVÆRE

Målsetjinga for nærvær på arbeidsplassane vart i 2011 sett til eit snitt på 93 prosent, dvs eit sjukefråvære på 7 prosent. Resultatet for 2011 viser at me fekk eit snitt i fråvære på 9,42 prosent.

Sommaren 2010 vart Kvalitetskommuneprosjektet avslutta. Sjukefråværet gjekk i prosjektperioden ned med 19,5 prosent.

Etter dette har det ikkje vore gjennomført større fellesprosjekt på dette området utover det som skjer i det daglege arbeidet på einingane med støtte frå personalgruppa. Auken som kom i sjukefråvære siste kvartal 2010 har halde fram i heile 2011 og ligg ved årsskifte 2011-12, 1,78 prosentpoeng høgare enn snittet for året før og 2,42 prosentpoeng høgare enn målsetjinga me hadde.

For dei største driftsområda fordeler fråværet seg slik:

Område	2011	2010	2009	2008
Barnehage	11,08 %	9,22%	7,45%	6,45%
Grunnskulen	6,49 %	4,7%	4,22%	4,70%
Pleie og omsorg	13,41 %	10,37%	10,70%	11,44%


Det kan ikkje visast til einsarta årsak til denne auken. Det har vist seg at målretta prosjektarbeid på dette området har hatt effekt. Ved gjennomgang av sjukefråværeslistene finn me svært mange enkeltsaker med alvorleg og langvarig sjukdom. Det er framleis høgt sjukefråvære mellom dei gravide. Fråværet fordeler seg over heile kommunen.

## KOMPETANSE

I budsjettet for 2011 vart dei sentrale kursmidlane sterkt redusert. Det er likevel gjennomført etter- og vidareutdanning på tilsette sin eigen kostnad og med tilrettelegging frå einingane som framleis har brukt ein del ressursar på dette. Leiaropplæring vart vidareført i mindre omfang med temasamlingar. Leiarskap er viktig for kvalitet på tenestene, på arbeidsmiljø og nærvær på arbeidsplassen.

## MEDARBEIDERUNDERSØKING

Hausten 2011 vart det gjennomført medarbeiderundersøking i heile organisasjonen i Stord kommune. Undersøkinga viser at tilsette har eit positivt syn på eigen arbeidssituasjon. Undersøkinga gjev ikkje noko forklaring på auken i sjukefråvære. Trivselen har auka noko sidan målinga i 2007, men kommunen ligg framleis litt under landsgjennomsnittet på totalvurderinga. Dei einingane som har best samla resultat av alle er Sosial og førebyggjande tenester, barnehagar og ungdomsskular. Likt med 138 andre kommunar er det vurderinga av overordna leiing som får dårlegast resultat. Samarbeid og trivsel skårar høgast (samla resultat på 5 av 6 mogelege). I tillegg er det semje om at det er lite mobbing på arbeidsplassen og at arbeidsmiljøet i kommunen er integrerande når det gjeld kjønn og etnisk bakgrunn. Måltala for medarbeidertrivsel i målstyringsdokumentet vart stort sett oppnådd.



Sjukepleiar Tomasz Orchel frå Polen trivst godt i Stord kommune. (foto: Nina Særti)

## LIKESTILLING

Av 1302 tilsette i Stord kommune er 1056 kvinner og 246 menn, noko som svarar til ein kvinnedel på 81,06 prosent. I skulen er det 284 kvinner (77,6 prosent) og 82 menn (22,4 prosent). I pleie og omsorg er det 500 kvinner (92,25 prosent) og 42 menn (7,75 prosent). For dei 38 øvste leiararstillingane er fordelinga 23 kvinner (60,5 prosent) og 15 menn (39,5 prosent).

Stord kommune sitt arbeid med likestilling går i hovudsak på å betra vilkåra for typiske kvinneyrke, som innanfor barnehage, skule, rehabilitering, helse og omsorg, som også er hovudtyngda av verksemda i kommunen. Gjennom målretta tiltak har det vore arbeidd med å leggja til rette for at alle skal få den stillingsstorleik som dei ynskjer og at arbeidstilhøva vert tilrettelagt i høve til den tilsette sin totalsituasjon (fleksible arbeidstidsordningar). I lønsoppgjeret dei siste åra har det vore kvinneprofil både sentralt og lokalt, og kvinnelege leiarar er prioritert.

Fordeling mellom kvinner og menn er ikkje vesentleg endra frå 2010.

## UNIVERSELL UTFORMING

Stord er ressurskommune for universell utforming. Satsinga er forankra i regjeringas nasjonale handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009-2013: "Norge universelt utformet 2025".

For å nå målet om eit likestilt og universelt utforma samfunn er det naudsynt med omtanke og innsats på alle nivå i samfunnet. Det er viktig å tenkja "føre var" prinsippet, med god planlegging ved etablering av nye bustadområde, bygg, uteområde, samt ved renovering av gater/plassar og bygg.



Det nye bufellesskapet i Sæbøhaugen er universelt utforma. (foto: Nina Særti)

Plakat om universell utforming i Stord kommune

Som ressurskommune mottok Stord årleg stimuleringsmidlar frå Miljøverndepartementet (kr 225 000 i 2011). Midlane vert nytta til å drive erfaringsutveksling og formidlingsarbeid knytt til universell utforming. I tillegg arbeidar ein for å få fram gode resultat i eigen kommune og bidra til å verkeleggjere nasjonale mål. Arbeidet som ressurskommune vert utført med prosjektleiar i 40 stilling, ei ressursgruppe på tvers av fag og einingar, og av medlem frå Rådet for Funksjonshemma og Noregs Handikapforbund. Desse har saman ansvar for oppfølging og framdrift i arbeidet.

I 2011 har ressursgruppa for universell utforming gitt uttale til kommuneplanen. Vidare har ein vurdert kommunal rettleiar opp imot ny teknisk forskrift. I 2010 kom ny teknisk forskrift (TEK 10) der universell utforming har fått ei vesentleg rolle. Forskrifta har hatt ein overgangsperiode på eit år, men frå 1. juli 2011 er det den nye forskrifta som gjeld. Stord kommune sin kommunale rettleiar for universell utforming av publikumsbygg vart difor teke ut same dato.

Kompetanseheving for politikarar og tilsette i Stord Kommune er også eit viktig satsingsområde. I løpet av 2011 har ein tilsett i Stord kommune gjennomført kompetanseprogram og er godkjend kursinstruktør. Det vil sei at ein kan driva opplæring i eigen og andre kommunar. Ein deltok på kurs om universell utforming av byggverk og på friluftskonferansen "Over dørstokken" i Haugesund.

Ressursgruppa for universell utforming har i 2011 delteke i planarbeidet ved fleire prosjekt; til dømes ny gravlund på Frugarden, Ådland helse og omsorgssenter og nye Stord ungdomskule. Sistnemnde eit prosjekt med stort fokus på universell utforming heilt frå starten.



*Katastrofeøving på Stord lufthavn i 2011 der målet var å redde personar i sjøen. (foto: Nina Sørli)*

### BEREDSKAP OG SAMFUNNSTRYGGLIK

Systematisk samfunnsikkerhets- og beredskapsarbeid handlar om tiltak for å førebyggje og på ein effektiv måte kunne handtere hendingar og situasjonar som truar liv, helse, miljø og viktige samfunnsverdiar. Dette arbeidet har eit vidare perspektiv enn dei "daglege" hendingane som brann/redning og helsetenesta taklar.

Fokusområde i 2011 har vore:

- Øvingar for å prøve ut planverk og trene personell
- Starta arbeid med risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) av kommunale tenester
- Rullering av overordna beredskapsplan for administrasjonen i kommunen
- Fått på plass plan for leveringstryggleik og krisehandsaming ved straumbrot. Dette i samarbeid med Fylkesmannen, Sunnhordland kraftlag og IFER Interesseeffellskapet
- Arbeid med Kommuneplanen
- Vidare arbeid med psykososial- og pårørande oppfølging

### KOMMUNAL PLANLEGGING

Kommuneplanen for Stord kommune 2010-2021 med samfunnsdel og arealplankart med føresegner og vedlegg vart vedteken av kommunestyret 15.12.2011.

Formannskapet vedtok i slutten av 2010 å senda kommunedelplanen for fastsambandet for Huglo via Skorpo ut på høyring. Høyringa vart gjennomført våren 2011. Motsegner og merknader frå fylkesmannen og fylkeskommunen må avklarast før planen kan leggjast fram for endeleg vedtak.



*Snart slutt for Hugloferja? Kommunedelplan for fastsamband til Huglo var på høyring i 2011. (foto: Nina Sørli)*

Kommunedelplan for lokalisering av nytt ferjeleie i Kvinnheradsambandet vart handsama av kommunestyret i 2010 og det vart då tinga ei ekstra utgreiing som gjeld alternativet Djupavikneset. Den nye utgreiing skal vurdere Djupavika/Brattastø som et nytt alternativ i tillegg til Djupavikneset. Utgreiinga om Brattastø var først ferdig mot slutten av 2011 og planen vart lagt fram for endeleg vedtak i 2012.

Statens vegvesen, i samarbeid med Stord kommune, leverte våren 2010 rapporten "Forstudie om oppgradering av E39 med tilførsleveggar på strekninga Heiane-Ådland". Rapporten vart slutthandsama i Kommunestyret i desember 2010. Kommunestyret stilte seg og positiv til i prinsippet om lokal delfinansiering av prosjektet med bompengar. Konklusjonane frå forstudien er teke inn i kommuneplanen og arbeidet med å førebu bompengesøknad er starta.

Arbeidet med å få på plass trafikklysingsane i Sentrum har halde fram i 2011. Stord kommune fekk i 2010, 4,2 millionar i statlege midlar (BRA-midlar) til universelt utforma kollektivtiltak i sentrum, utarbeiding av busslommer m.m. Forstudien som låg føre mot slutten av 2011 konkluderte med at bussshaldeplassane vart etablert i Osen men at ein ventar med opparbeiding til planane for Meierielgedomen og Diversen er nærare avklart. Inntil vidare vart haldeplassane for alle bussane på kaien som i dag.



Faggruppe innkjøp vurderer tilbud. (foto: Nina Sørlji)

### KOMMUNALT INNKJØPSSAMARBEID

Stord kommune er vertskommune for innkjøpsarbeidet i Sunnhordland, der kommunane Stord, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Tysnes er medlemmer. Ein har og etablert samarbeid med andre regionar og forvaltar i dag ca. 80 innkjøpsavtalar med eit verdi på ca. 500 millionar kroner. Innkjøpssamarbeidet har som eige prosjekt etablert elektroniske innkjøpsprosessar for kommunane i regionen. I alt 17 kommunar har delteke i dette prosjektet som vil bli slutført i 2012. Prosjektet har hatt økonomisk og fagleg støtte frå Fylkesmannen og Direktoratet for forvaltning og IKT. Kommunane vil gjennom dette prosjektet oppfylle målsettinga om elektronisk handel og elektronisk faktura.

### INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI

I 2011 er mange mål og oppgåver i IKT-strategien og Handslingsplanen nådd og utført. Men ambisjonsnivået har gjerne vore større enn kapasiteten, og fleire av tiltaka og måla er difor vidareført til 2012.

I økonomi- og personalsystemet Agresso har ein innført prosjektmodul for SVA KF. Eit nyttig verktøy for økonomistyring i prosjekt. I 2011 vart det også starta eit prosjekt som omhandlar innføring av elektronisk handel (meir effektive innkjøpsrutinar) og enklare oppfølging av innkjøpsavtalane. Dette er eit samarbeidsprosjekt med mange kommunar i Sunnhordland, Hardanger og Haugalandet. Eit omfattande forarbeid vart gjort for å kunne velje system og leverandør. Målet er å vera klar med fullelektronisk handel 1. oktober 2012.

For Heimebaserte Tenester er det innført bruk av mobile apparat for køyrelister/ arbeidslister og dokumentasjon integrert direkte mot fagsystemet. Dette har ikkje vore problemfritt då ein har opplevd til dels store utfordringar med mobiltelefonane ein har nytta.

Vidare er det starta arbeid med innføring av standard for elektroniske pasientjournalar (EPJ-standard) og integrasjonar mellom fagsystema i pleie og omsorg-sektoren.

Fagsystemet for pleie og omsorg (Profil) vart også kopla opp mot Norsk Helsenett for trygg utveksling av pasientdata. Dette har t.d. forenkla meldingsflyten mellom kommunen og NAV. Det er også klargjort for utveksling av pasientdata mellom kommune (Profil) og legekontora sine fagsystem. Det står att noko arbeid med å få legekontora sine fagsystem klar til å kommunisere mot Profil.

Fleire interne datakomponentar og ein del infrastruktur er oppgradert, og det er innført ny antivirus og brannmur for auka tryggleik.

På skule er det installert nye berbare datamaskinar for elevane. På nokre skular har ein oppgradert/ skifta det trådlause nettverket. Det er også innført same type kontorstøttepakke (teksthandsamar, rekneark osv.) for både elevar og lærarar. Det gjer at me ikkje lenger møter kompatibilitetsproblem ved utveksling av dokument og data.

Reduksjon i bemanninga har hatt konsekvensar, og ein har blant anna måtta prioritere vekk vidareutvikling av nytt intranett. Oppgåvefordeling, prosjektarbeid/ prosjektorganisering og kommunikasjon ville vorte meir effektiv ved eit moderne intranett.



Medarbeidarane på IKT har ein hektisk kvardag. (foto: Marius Hope)



Stord kyrkje vinteren 2011. (foto: Renate Risnes)

## NØKKELTAL

Kommunal administrasjon, styring og fellesutgifter, konsern	Stord			Samantlkn.- kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter adm. og styring, i % av totale netto driftsutgifter	6,6	6,3	8,6	7,8	8,4
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr. adm. og styring	2754	2797	2938	3399	3845
Lønnsutgift pr. innbyggjar til adm. og styring	2492	2388	2457	2324	2691
Brutto driftsutgifter til politisk styring i kr pr. innb.	192	192	199	362	405

Konsernet Stord kommune nyttar vesentleg mindre til administrasjon og styring enn gjennomsnittet av andre samantliknbare kommunar. Med konsernet Stord kommune, meiner ein i denne samanhengen at også tala frå dei kommunale føretaka er teke med.

## KYRKJA

Kyrkja	Stord			Samantlkn.- kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	367	344	334	463	516
Netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter	0,8	1,0	1,0	1,1	1,1
Gudstenester per 1000 innbyggjar	9	9	9	12	14
Deltaking, gudsteneste søn- og helligdagar per innbygar	1,1	1,1	1,2	1,1	1,1
Medlem av Dnk i % av antal innbyggjarar	83,8	84,5	85,5	79,7	79,8
Døypte i % av antal fødde	86,7	79,7	67,8	77,3	73,4
Konfirmerte i % av 15-åringar	78,5	78,2	78,6	68,3	68,0

Stord kommune har relativt låge utgifter per innbyggjar til kyrkjelege føremål. Det må sjåast i samanheng med at kommunen har heller få og store kyrkjesokn. Det er noko færre gudstenester per 1000 innbyggjar i Stord enn i kommunane elles, medan deltakinga i desse og andre kyrkjelege handlingar er ifølgje KOSTRA som gjennomsnitt. Statistikken syner elles at det er relativt mange medlemmer i Statskyrkja i Stord kommune, og at ein høg del vel kyrkjeleg dåp og konfirmasjon. Det har vore ein stor vekst i antal døypte frå 2009 til 2011, frå 67,8% til 86,7%.



# Næring, miljø og kultur

## MÅLSETJING FOR 2011

Utvikling: Stord skal vidareutvikla eit levande sentrum med framtidssenterstruktur. Prosjekt som gjeld kulturhuset, vegløyser og utbygging av institusjonsplassar er tiltak i 2011.

Kvalitet: Kommunen skal ha eit breitt utval av kulturtilbod. Innan miljø skal kommunen verta meir energieffektiv og oppvarming av kommunale bygg skal energiøkonomiserast. Stord kommune skal ha fokus på samfunnstryggleik og beredskap.

## NÆRINGSARBEID

I 2011 har Stord kommune sitt arbeid med næringsutvikling og reiseliv i hovudsak vore utøvd gjennom Samspelsforum for Næringsutvikling (SNU AS) og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

### Samspelsforum for Næringsutvikling (SNU AS)

Stord kommune er deleigar i SNU AS, og selskapet mottok vel 1,7 mill. kr i driftsstøtte frå Stord kommune. Hovudsatsingsområda til SNU er m.a.

- vidareutvikling av det eksisterande næringsliv
- utvikling av nye næringer
- miljøteknologi
- ungdom og stadsutvikling

SNU finansierer prosjekta gjennom ekstern finansiering, i tillegg til driftstilskot frå eigarane. I tillegg har SNU ansvaret for etablerarrettleggja til Stord kommune og arrangerer m. a. StartOpp-samlingar og gründerkafear for etablerarar.



SNU arrangerer både SNU-plass, StartOpp-samlingar og Gründerkafé for etablerarar. Her frå ein gründerkafé i 2011. (foto: Hege Økland)

SNU er prosjektleiar for nettverket Maritime Clean Tech West (MCTW), som skal arbeide for utvikling av maritim miljøteknologi. Dei største verksemdene i regionen er medlemmer av MCTW, i tillegg til fleire små- og mellomstore verksemdar frå heile regionen. Klyngeutvikling, der ein legg til rette for samhandling på tvers av verksemdar og mellom verksemdar og forskings- og utviklingsmiljø, har vist seg å utløysa meir innovasjon, knoppskyting og nye arbeidsplassar. I juni 2011 vart MCTW tildelt 3-årig Arena-status som inneber ei offentleg finansiering på 6,6 mill. kr til vidareutvikling av klyngesamarbeidet. I desember 2011 fekk ei gruppe verksemdar frå MCTW tildelt kr 18,5 mill i tilskot til utvikling av batteridrivne fartøy.

SNU, i samarbeid med dei fire største industriverksemdene på Stord, tok i fellesskap med Atheno og Samarbeidsrådet for Sunnhordland, initiativ til etablering av ein teknisk fagutdanning i Sunnhordland. Teknisk fagskule vart starta opp hausten 2011, og i løpet av 2012 skal ein også kunna tilby ingeniørutdanning lokalt innan dei mest etterspurte fagområda i industrien.

SNU-plass er eit etablert rekrutteringstiltak mot ungdom, og i mai 2011 vart det arrangert SNU-plass i Trondheim. SNU er også medarrangør til viktige møteplassar som Nyskapingskonferansen og Stordkonferansen. I tillegg har SNU hatt ei aktiv rolle i stadsutviklingsprosjektet "LivOglyst" på Huglo saman med Stord kommune. SNU har også i 2011 vore prosjektansvarleg for arbeidet med "BRÅ-prosjektet" i Stord kommune, (tidl. Sævarhagen Rehabiliteringssenter) som omhandlar arbeidsretta rehabilitering.

### Samarbeidsrådet for Sunnhordland

I 2011 mottok Samarbeidsrådet kroner 361 080,- i støtte frå Stord kommune, og i tillegg kroner 213 648,- til reiselivsarbeidet i Sunnhordland i regi av Samarbeidsrådet.

Samarbeidsrådet si hovudoppgåve er regional utvikling. I dette ligg også næringsutvikling, samferdsle, reiseliv, omdømmebygging, rammevilkår m.m. I 2011 vart det utarbeidd planprogram for interkommunal strandsonoplan. Planarbeidet vart gjennomført som kommunedelplan og skal til endeleg handsaming i dei deltakande kommunane. Planarbeidet har som målsetnad å verta det overordna plandokumentet for arealbruk og forvaltning av areal i strandsona til dei deltakande kommunane.

Rekruttering og omdømmebygging er eit prioritert satsingsområde i Sunnhordland. Arbeidet i Samarbeidsrådet skal blant anna styrkja regionen som bustadregion, styrkja tiltrekningsvna for etterspurt arbeidskraft og gjere regionen meir attraktiv.

Reiselivsarbeidet i Stord kommune har primært vore gjennomført ved deltaking på messer i regi av Samarbeidsrådet, herunder annonsering på internettportalar og trykking og distribuering av brosjyremateriell, i tillegg til informasjonsarbeid i Kundetorget og i Kulturhuset. Samarbeidsrådet utviklar sykkelrutar i Sunnhordland. I 2010 vart det GPS-festa to sykkelrutar i Stord kommune: Landåsen turområde, og Leirvik-Hystadmarkjo-Fjellgardane-Ådlandsvatnet. "GPS-festa" inneber at ein kan lasta ned sykkelrutene til eigen GPS. Eit større vandringsprosjekt for Hordaland starta i 2011. Her skal dei 100 mest interessante turløypene i reiselivssamanheng plukkast ut og synleggjerast. På Stord er Landåsen (eventyrskogen), Hystadmarkjo, rundtur rundt gruvene og stovegolvet peika ut.



Samarbeidsrådet på Messe i Stuttgart. (foto: Samarbeidsrådet for Sunnhordland)

Arbeidet med næringsutvikling i Samarbeidsrådet er todelt – rettleiing av etablerarar og bedrifter og prosjektarbeid. Samarbeidsrådet tilpassar etableraropplæringa etter modell frå Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har det overordna ansvaret for bruken av midlane til det regionale næringsfondet i Sunnhordland. Midlane kan nyttast i alle kommunane utanom Stord. Stord får likevel ta del i fondet gjennom fellessatsinga på reiseliv, der Samarbeidsrådet i 2011 sette av 783 000 til fellesprosjekt.



På sykkelturn over Stordbrua.

(foto: Svein Anderland/Samarbeidsrådet for Sunnhordland)

### LANDBRUK OG MILJØ

Stord Fitjar Landbruks- og miljøkontor har ei mangfaldig brukargruppe, alt frå næringsutøvarane i landbruket til folk flest. Med alle oppgåvene innan miljø-, areal-, vilt- og innlandsfiskeforvaltninga samt havbruk vert krinsen av aktørar og brukarar stor. I samband med kjøp og sal av all eigedom er kontoret involvert i desse sakene i høve til konsesjonsplikt og konsesjonsfritak. Samspelet med ei rad statlege mynde og andre kommunale etatar er særskild viktig for Landbruks- og miljøkontoret. Dette gjeld aller mest Fylkesmannen sine landbruks- og miljøavdelingar. Også i 2011 selde Landbruks- og miljøkontoret skogkompetanse til Bømlø og Austevoll.

”Mangfald – Verdiskaping – Trivsel”, lyder visjonen for landbruket i kommunen, slik den er utforma i Landbruksplanen for Stord og Fitjar 2005-2015. Landbruket og brukarane er inne i ei utfordrande tid, der omstilling og nytenking er viktige moment. Visjonen for landbruket gir, trass i sitt bidrag på 1 prosent til sysselsetjinga, mål og meining til den verdiskapinga næringsutøvarane i landbruket utgjer.



Sauehaldet i Stord kommune er viktig for å oppretthalda eit levande kulturlandskap og aktivt landbruk. (foto: Aase Rygg Nøttveit)

Talet på mjølkeprodusentar er stabilt, ingen selde mjølkekvote i 2011. Samla mjølkekvote for Stord er 1,1 millionar liter, fordelt på 11 produsentar. Vidare held sauehaldet og kjøtproduksjon på storfe seg godt oppe, noko som er særskild viktig for å halda kulturlandskapet levande.

Samla utbetalt produksjonstilskot i jordbruket var 8 202 587 kroner fordelt på 73 søknader (av dette 2 samdrifter). I 2011 fekk Stord kommune løyvd 200 000 kroner i SMIL midlar (kulturlandskapsmidlar). Med bruk av ubrukte midlar og årets pott frå Fylkesmannen vart det løyvd 269 750 kroner til 10 ulike tiltak.

Det har vore ein auka aktivitet i skogane i Stord. Awirkning av gran av høg kvalitet har auka. Ein ny aktør på tømmeromsetning og drifter, Nortømmer AS, har etablert seg i vårt distrikt. Saman med gode tømmerprisar har dette vore drivkrafta i den auka aktiviteten. Dette er ein god utvikling med tanke på dei utfordringar me har når det gjeld uttak av alt tømmer som er i ferd med å vakse seg hogstmogen. I åra framover vert det viktig å opprusta kommunale vegar og skogsvegar slik at me kan henta ut det tømmeret som vert hogge. Arbeidet med ein hovudplan for skogsvegar er i gang i samarbeid med fylkesmannen. Infrastruktur er særskild viktig i moderne skogbruk.



I 2011 har det vore auka aktivitet i skogane på Stord. (foto: Aase Rygg Nøttveit)

Nettstaden "Miljøstatus på Stord" har aktuelle tema for kommunen sin tilstand og utvikling innan natur- og miljøvern. Ryddedugnaden "Rydd Stord/Fitjar" vart vidareført også i 2011. Målet med denne er å setta avfall på dagsordenen, og få innbyggjarane til å engasjere seg for ein endå reinare kommune. Landbruks- og miljøkontoret har koordinert innspel og medverkar i prosjektet. Som lokal forvaltningsmynde har SFLMK på vegne av Stord kommune utarbeidd forvaltningsplan for Hystad naturreservat. Planen vart utarbeidd med midlar frå Direktoratet for naturforvaltning, og vart vedteken av Fylkesmannen i Hordaland 21.11.2011.

Stord deltek i ordninga med organisering av klinisk veterinæravakt saman med Fitjar, Bømlo og Austevoll. Rammeavtalen som regulerer klinisk veterinæravaktmellom Den Norske Veterinærforening og KS går ut 30.06.2012. Dagens ordning vil halda fram ut 2012.

Det vart tildelt 129 løyve/dyr hjort og felt 118, noko som gir ein fellingsprosent på 91. Det vart registrert 15 påkøyrd hjort. 5 vart friskmelde, eller ikkje funne. Stord kommune har god beredskap og rutinar for ettersøk og avliving av skadd hjortevilt.

## STORD HAMNESTELL

Stord hamnestell har ansvar og tilsynsplikt for Stord Kommune sine sjøområde. Stord Hamnestell har ein god og stabil økonomi og har dei siste åra gått med overskot. Stord Hamnestell skal tilrettelegga for skipstrafikk i Stord Kommune og overvaka dette. Dette gjeld og lossing og lasting av skip samt opplag av båtar. Dagens rutetrafikk går over Leirvik Hamn (hurtigrute) og ferjekaiane Skjersholmane og Jektevik, godstrafikk går stort sett via Eldøyane. Stord Hamnestell har to godkjente ISPS (International Ship and Port Security) hamner, Stord Hamn, Eldøyane og Leirvik Hamn ISPS-terminal. Det er også privateigde ISPS terminalar i Stord. I 2011 vart det utført ein sårbarhetsanalyse for heile Stord Kommune sitt sjøområde, dette i samsvar med EU-direktiv. I 2011 inngjekk ein ny avtale med Stord Base om drift av Stord hamn, Eldøyane.

Hamnestellet arbeider med strandpromenaden i samarbeid med sentrumsnæringa. Målet er at ein skal kunna spasera frå ytst på moloen til ytst på Natrutekaien. Hamnestellet sin beredskapsbåt vert disponert av hamnestellet og brannstellet i samarbeid. Samarbeidet starta i 2010 og vert følgt med stor interesse av andre kommunar og hamnedistrikt.

Kommunane samarbeider om beredskapen gjennom 33 interkommunale beredskapsregionar leia av Interkommunale utval mot akutt forureining (IUA), som dekkar alle norske kommunar. Stord kommune har også eigen beredskap, og har utstyr til å rykka ut i akutt-tilfelle. Oljevernberedskap for sjø er det hamnestellet og brannstellet som utfører.

I småbåthamna, Leirvik er det over 200 leigetakarar og det vert arbeidd med å tilrettelegga for fleire båtplassar. Hamnestellet har fått svært gode tilbakemeldingar på drifta av gjestehamna frå brukarane. Hamnestellet har som mål å liggja i toppen blant populære gjestehamner, og arbeider med å forbetra seg. Det vart i 2011 sett opp ein ny betalingsautomat utanfor serviceanlegget i Leirvik, samt ny gjestebrygge inst i Evjo. Det er sett opp nye skilt, redningsstegar og redningsbøyar.

Hamnestellet har i høgsesongen sett ut drifta av Sagvåg hamn. For drift av Sagvåg hamn i sommarsesongen er det innreia ein sokkeletasje rett



Stord hamnestell har to godkjente ISPS-hamner, Stord hamn i Eldøyane (biletet) og Leirvik hamn ISPS-terminal. (foto: Nina Sørli)

i nærleiken til hamna med fellesrom, dusj, toalett og vaskemaskin. Det var om lag 2 500 båtar som overnatta i Huglo, Sagvåg Gjestehamn og Leirvik Gjestehamn, ein kan då rekne med at det var over 6 000 besøkande i gjestehamnene i sommar månadane. Stord Hamnestell har i deler av vinteren hatt ferja Skånøvik i opplag i hamna. Veteranbåten Granvin har fast kai plass ved Sunnhordlandskaien. Sunnhordland Motormuseum har no og då veteranbåtar på vitjing ved Natrutekaien, noko som er positivt for miljøet i hamna. "Før og No" festivalen 2011 var godt besøkt, både av båtar og publikum. Det vert arbeidd med å gjera festivalen til ei fast hending.

Hamnestellet sette i 2011 i gang prosjekt med nytt tankanlegg i Leirvik Molo. Her vert tankane grave ned, det vert nytt hus og pumper samt oppgradering av bunkringskai og området rundt. Arbeidet er venta ferdigstilt før sesongstart 2012. Det vart vedteke at Molo på Huglo skulle utgreiast, og det vart i budsjettet for Hamn vedteke å setja av kroner 1 millionar til dette prosjektet i 2011. Arbeidet er no i gang, og det vert innhenta anbod på arbeida i 2012.



Hamnestellet arbeider kontinuerleg med å tilretteleggja for fleire båtplassar. (foto: Nina Sørlø)

## NØKKELTAL

Driftsrekneskapen for 2011 syner slike tal (i heile 1000 kroner):

Tekst	Regnskap	Budsjett	Regnskap	Regnskap
	2011	2011	2010	2009
Sum Driftsinntekter	-7 350	-6 270	-7 838	-10 052
Sum Driftsutgifter	6 140	4 981	6 523	6 336
Brutto driftsresultat	-1 210	-1 289	-1 315	-3 716
Resultat ekst.finanstransaksjoner	257	204	1 701	3 039
Motpost avskrivningar	-1 234	0	-981	-1 470
Netto driftsresultat	-2 187	-1 085	-595	-2 147
Finanstransaksjonar	1 085	1 085	0	619
Resultat etter int. finanstransaksjonar	-1 102	0	-595	-1 528

## IDRETT, FRILUFTSLIV, FYSISK AKTIVITET OG KULTURBYGG

I 2011 utvida ein Langelandsbana og la om frå grus til kunstgras. Arbeid med lysløypa Hustredalen-Rødkleiv vart starta og det er gjort klart for 60 x 40 m kunstgrasbane og ballbinge på Ås. På skeisebanen Vikahaugane har ein rehabilitert anlegg/kjølar. Vidare har ein starta arbeid med ballbinge på Langeland skule og gapahuk på Lundsæter. Skigruppa har i samarbeid med kommunen kjøpt inn ny løypemaskin. Forprosjektrapport "Kulturhuset – 20 år fram i tid" vart lagt fram og det vart vedteke å gå vidare med eit hovudprosjekt som tek utgangspunkt i eksisterande bygg. Prosjektet er seinare utsett og ligg no inne med investeringsmidlar frå 2015.

## KULTURTENESTER

Kulturhuset har hatt høgt aktivitetsnivå i 2011. Den store salen har vore i bruk 166 gonger til teater, konsertar, revyar og konferansar. Av dette har 57 vore framsyningar med billettsal og med eit samla publikumstal på 13 408. I tillegg kjem møte og konferansar i småsalen.


24 816 personar har løyst billett til symjehallen. Fleire symjegrupper har faste treningar og nokre verksemdar har fast leige. Skulane i Stord har hadde symjing første halvåret, berre ein skule andre halvåret. Skulane betaler ikkje leige.

Kunsthallen har hatt desse utstillingane: Kvinneutstillinga 2011, Maputo: A tale of One City, HSH – eksamensutstilling, Ann Kristine Aronsen: Fjord Impressions, Falturiltu (Stord v.g.s.) og Stord kunstlag si medlemsutstilling. Eininga har eit godt samarbeid med Stord Kunstlag. Kulturskulen har skipa til fleire elevkonsertar.

I kultursenteret er Mandagsklubben, Onsdagsklubben og koret Festivo faste arrangement. Kulturskulen sin musikkleik er også eit fast arrangement. Det har vore feira 65 fødselsdagar, mange ulike møter, dåpsfeiringar og konfirmasjonsfeiringar. Kulturhuset har fått utarbeidd ein rapport for energikonomisering.

Kinoen hadde 1 056 framsyningar fordelt på to salar og talet på kinogjengarar var 45 556. Etter digitaliseringa har kinoen nedbemanna med 25 prosent stilling. Kulturhusetvertar og kinomaskinistar har fått ny turnus og har lært kvarandre sine arbeidsoppgåver slik at dei overlappar kvarandre.

Teaterfestivalen går kvart år av stabelen helga før palmehelga. Det var ti framsyningar under festivalen som vart opna av fylkeskultursjef Anna Elisa Tryti. Festivalen er eit samarbeid mellom Stord kommune, kulturhuset og Stord Teaterlag. Støtta av Hordaland fylkeskommune.




Ungdomsgruppa til Askøy teaterlag med storoppsetjinga Fame på Barne- og ungdomsfestivalen på Stord. [foto: Kristine Thorkildsen]

I 2011 er følgjande prisar delt ut:

- Pris for god tilgjenge: Stord hotell
- Målprisen: Kværner Stord
- Seniorpris: Arthur Madsen
- Eldsjelpris: Gunhild Johansen
- Kulturpris: Per Jan Ingebrigtsen
- Kulturstipendet vart delt mellom: Endre Engevik Olsen og "Øyo" v/Alf Aronsen

Ungdomens Kultur Mønstring (UKM) var i 2011 arrangert i form av fellesmønstring for Stord, Fitjar, Bømlo og Tysnes. I 2011 var det 67 deltakarar på scenen i Stord kulturhus. Frå Stord gjekk åtte innslag vidare til fylkesmønstringa i Grieghallen. Stord var representert med 5 deltakarar på UKM-festivalen i Trondheim i juni.



Fem lokale deltakarar i Ungdommens kulturmonstring 2011 gjekk vidare til landsfinalen i Trondheim, Tiril Einarsdotter var ein av desse. (foto: Azucena López)

Kulturtenester administrerer to klubbar for utviklingshemma, juniorklubben Mandagsklubben, og ein klubb for vaksne, Onsdagsklubben. Det er vidare to ungdomsklubbar. Litlabø fritidsklubb i Samfunnshuset har eit besøkstal pr. klubbkveld på mellom 35-50 ungdomar. Harri fritidsklubb i Utbygdo grendahus hadde i snitt 36 ungdommar pr kveld.

Mål for Den kulturelle skulesekken i Stord i Stord, er at alle barn i Stord kommune kvart år skal få oppleve kunst- og kulturutrykk på eit høgt profesjonelt nivå innan musikk, scenekunst, litteratur, visuell kunst, biletkunst /kunsthandverk og kulturhistorie. Stord kommune løyvde 50 000 kroner til arrangement i grunnskulen i 2011. Statleg tilskot var for skuleåret 2011/2012 149 292 kroner. I tillegg kjøper Fylkeskommunen fleire arrangement som vert sendt direkte ut til skulane. Stord kommune har eit godt samarbeid med Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. I 2011 vitja dei Stord med utstillinga Maputo: A Tale of One City. Elevane i 9. og 10. klasse fekk tilbod om å vitje utstillinga.

Etter søknad fekk Stord kommune 60 000 kroner i statleg tilskot til spaserstokken for 2011 og 2012. For nokre av desse pengane hadde kulturskulen fire songstunder for eldre i institusjon i Kulturhuset hausten 2011. Knutsåsen eldresenter og Stord sjukeheim fekk vitjing av "Haugtussa" framført av Johanne Øvstebø Tvedten, Maria Malmsten og Sjur Magnus.



*Azucena López og Charles Perén arbeidde på stord i eit og eit halvt år som fredskorpsdeltakarar i utvekslingsprosjektet mellom Stord og Comalapa. Her er dei saman med ordførar Liv Kari Eskeland. (foto: Nina Sørlil)*



*I november 2011 kom Comalapa-ordførar Javier Bal på vitjing til Stord saman med ein representant frå kvinnekontoret og to kommunestyrerepresentantar. Frå venstre: Estanislao Cux (kommunestyret, Comalapa), Gerd Fladby (MIC-koordinator, Stord kommune), Ordførar Javier Bal, Stord-ordførar Liv Kari Eskeland, Egberto Corona (kommunestyret, Comalapa). Framme: Graciela Sanic (Kvinnekontoret, Comalapa). (foto: Nina Sørlil)*

Stord og Comalapa kommunar har gjennomført fem prosjektsamarbeid om utveksling av fredskorpsdeltakarar (første gong i 2002). Målet med samarbeidet har vore å styrkja kontakten mellom vennskapskommunane og å utveksla kunnskap innan ulike fagområde. I 2011 avslutta Stord og Comalapa kommunar det femte prosjektsamarbeidet, der to personar frå Comalapa jobba her på Stord og tre personar frå Stord jobba i Comalapa. Fagområda var musikk, idrett, miljø og førebyggjande verksemd for ungdom.

Internasjonal dag var arrangert 12. november i Stord kulturhus. Visjonen er å skapa ein møteplass for kultur, næring, utdanning og innvandring. Arrangementet er basert på dugnad og eit breitt samarbeid mellom fleire organisasjonar. Det er planar om eit nytt arrangement hausten 2014.

I 2011 prioriterte lokalhistorisk gruppe innsamling av stadnamn, og opptak av uttalen av desse. Hausten 2011 haldt prosjektgruppa eit seminar der bygde- og historielag var invitert.

Leirvik Fyrstasjon er lite i bruk og treng opprustning. Før arbeidet med å betra lendingsplassen kan starta opp og tilskot frå Direktoratet for naturforvaltning kan hentast ut, lyt det komma ei avklaring om eigedomstilhøva. Stord kommune i dialog med Stord Fitjar Turlag om vidare drift og bruk av stasjonen. Det vert teke sikte på å få til ei politisk avklaring i løpet av 2012.

Aktiv fritid er eit prosjekt som arbeider for inkludering og sosial deltaking etter metoden "fritid med bistand". Metoden går ut på å hjelpe menneske med ulik trong for bistand inn i fritidsaktivitetar dei sjølve ønskjer å ta del i. Fritid med bistand bygger på eit meistringsperspektiv, med fokus på den einskilde sine ønskje, draumar og behov. Målsettinga er at deltakarane i løpet av ei tid blir sosialt inkluderte i aktiviteten. Dette er eit treårig prosjekt med midlar frå fylkesmannen. Prosjektleiår vart tilsett i mai.

Kommunane Stord og San Juan Comalapa, Guatemala er no inne i sin andre 3-årsperiode (2011-2013) i det internasjonale kommune-prosjektet MIC. NORAD finansierer prosjektet som er administrert av Kommunenes arbeidsgiver- og interesseorganisasjon KS.

I november 2011 gjesta ordførar Javier Bal, Egberto Corona og Estanislao Cux frå kommunestyret, og Graciela Sanic frå kvinnekontoret Stord kommune for å orientera om prosjektarbeidet. Innanfor miljø/avfallshandsaming kan ein sjå forbetringar og det er mindre ureining av drikkevasskjelder enn før. Det andre temaet gjeld kvinneleg deltaking. Kvinnene i mayakommunen er meir synlege i samfunnslivet der vedtak vert gjort, slik som i dei lokale utviklingskomiteane. Kommunen har over 40 000 innbyggjarar, og for første gong var det to kvinnelege ordførarkandidatar ved valet i 2011. Det vart likevel den mannlege kandidaten Valeriano Pichyá som vant valet, men av dei åtte medlemene i kommunestyret er det no ei kvinne.

## BIBLIOTEK

Besøk og utlån ved biblioteket har vore stabilt. Ei stikkprøveundersøking ei veke i oktober 2011 synte eit tal på besøk ved hovudbibliotek og filial på til saman 700. Dette gjeld alle typar besøk; lån, spørsmål om informasjon, bruk av aviser, tidsskrift, Internett osv. Talet på besøk er i samsvar med tidlegare stikkprøveregistreringar.

Utlånet i 2011, var på 47 325 media. Inklusive i lånetala er eit stipulert utlån på 1000 media til barnehagane. I tillegg kjem utlån på Nordbygdo ungdomsskule i folkebiblioteket si opningstid.

Tendensen er at utlånet til barn er stabilt. Media som lydbøker og filmar er populære både hjå barn og vaksne. Hjå vaksne er det ei forskyving av utlånet frå skjønnlitteratur til faglitteratur. Men populære og omtala skjønnlitterære bøker har høgt utlån.

2011 har vore eit aktivt år når det gjeld bibliotekverksemd for barn og ungdom. I alt 298 personar har delteke på eventyrstund ved hovudbibliotek og filial. I alt vart det arrangert eventyrstund 11 gonger.

Ved hovudbiblioteket har det vore 20 skuleklassar på besøk for orientering, litteraturformidling og utlån. Ved filialen på Litlabø har det vore 26 besøk av skuleklassar frå Sagvåg og Litlabø skular i 2011, for litteraturformidling og lån.

Forfattaren Vera Michaelsen har hatt 2 klassebesøk i biblioteket, og i samband med Falturiltu var det klassebesøk i biblioteket med forfattarane Per Olav Kaldestad, Roald Kaldestad og Arve Markhus.

Trio Vest og barnebibliotekaren har hatt eit Bjørnson-program for alle elevane på 5. og 6. klassesteg.



*Ungdomstida er viktig for gode lesevanar seinare. Her frå biblioteket på Nordbygdo ungdomsskule, som folkebiblioteket samarbeider med. (foto: Inger Helene Kjekka)*

I samarbeid med lag og organisasjonar og med tilskot frå Den kulturelle spaserstokken, har det vore to arrangement med godt besøk i 2011: Barndom på 50-talet. Kåseri ved Johanne Øvstebø Tvedten og musikk ved Trio Vest og Eit maritimt arrangement med kåseri ved Ove Olderkjær og Alf Mathisen.

Ei investeringsløyving på kroner 200 000,- i 2011 har m.a. gjort det råd å byggje ut samlinga av AV-media. Særleg er det kjøpt inn nye lydbøker og filmar for barn, ungdom og vaksne.

Samarbeidet mellom folkebiblioteka i Sunnhordland har i 2011 vore særleg konsentrert om utvikling av ei felles nettside. Dette arbeidet er på det næraste fullført.

## NØKKELTAL

Kultur	Stord			Samanlikn.-kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innb. i kroner	1 939	1 465	1 129	1 406	1 755
Netto driftsutgifter til bibliotek per innbyggjar	180	179	168	240	258
Utlån alle medium frå folkebibliotek per innbyggjar	2,4	2,4	2,5	4,6	5,1
Besøk per kinoframsying	43,1	43,3	51,9	27,0	31,4
Netto driftsutg. til aktivitetstilbod barn og unge per innb.	55	51	48	129	161
Netto driftsutgifter til idrett per innbyggjar	31	48	121	139	220

*Nøkkeltala for denne sektoren syner ein auke i utgiftene frå 2010. Dette skuldast at internhuselege til Ske KF er med i tala for 2011. Dersom ein korrigerer for dette er netto driftsutgifter for kultursektoren per innb. kroner 1 323 og viser ein nedgang frå 2010. Det har og vore ein auke i Kulturskulen. Kommunen brukar likevel mindre til kulturformål enn gjennomsnittet av kommunane i samanlikningsgruppa, også når det gjeld aktivitetstilbod barn og unge og idrett.*



Dagen før nasjonaldagen tok brannvesenet initiativ til ein gatevask i Borggata. (foto: Nina Sørli)



I 2011 vart det meir og lenger avgiftsparkering på Leirvik. På torget og teknisk bygg (SKE-bygg) vart det innført fri parkering første timen. (foto: Nina Sørli)

### PLAN- OG BYGGJESAKER

Aktiviteten innefor plan, byggesak og oppmåling har vore stor i 2011 og gebyrinntektene vart litt høgare enn budsjettert. Regulering, byggesak og oppmåling (RBO) har fått på plass digitalt planregister etter krava i ny Plan- og bygningslov. Eininga har vidare fullført arbeidet med tildeling av vegnamn og adressetildeling og har kome à jour med etterslepet av eldre oppmålingssaker.

Eininga fekk i 2011 ansvaret for arealdelen av kommuneplanen og ei viktig sak var slutthandsaminga av kommuneplanen 2010 – 2021 som vart vedteken 15.12.2011. Sakshandsamingstida i plan-, byggesak- og oppmålingssaker er innanfor lovpålagte fristar. Byggesak har ikkje gjennomført større tilsyn i 2011, men har hatt avgrensa tilsyn i nokre saker. Handsaming av nye saker, klagesaker og oppfølging av tiltak som har vore sett i gang ulovleg har hatt høgaste prioritet.

### BRANN, REDNING OG FEIING

Beredskapsavdelinga har hatt stor aktivitet med opplæring og kompetanseheving for personellet.

Beredskapsutstyr eininga rår over i dag er bra og tenleg for innbyggjarane i kommunen, og står i høve til dei utfordringar beredskapspersonellet vert stilt over for. Fornyng av beredskapsutstyr i kommunen er naudsynt for å oppretthalda god og effektiv beredskap. Førebyggjande avdeling gjennomførte 100 branntilsyn i særskilde brannobjekt §13 i 2011. Tilstanden er varierende, men blir betre og betre for kvart år.

Både på kommunalt og nasjonalt nivå er førebyggjande brannvern satsingsområde, og avdelinga har hatt stor aktivitet i 2011. Feiarvesenet har gjennomført 1 522 bustadtilsyn og 2 217 feilingar i Stord kommune. Avdelinga sel og slike tenester til Fitjar kommune, der det er gjennomført 250 bustadtilsyn og om lag 500 feilingar.

Statistisk er det få pipebrannar og få bustadbrannar i Stord kommune, noko som kan tyde på at avdelinga driv godt brannførebyggjande arbeid.

### VEG, TRAFIKK OG PARK

Veg, trafikk og park har på oppdrag av Statens vegvesen gjennomført oppgradering av arealet i tilknytning til "gamle Heiane-krysset". Det er laga gangveg og plenar. Eksisterande overvass-system er oppdimensjonert. For å hindra at fotgjengarar kryssar E 39 på nemnd stad er det sett opp gjerde langs det aktuelle området samstundes som etablert gangveg og undergang mot Kårevikvegen er oppgradert med fast dekke og gatelys. Den kommunale parkeringsplassen ved Inngangen til Skjepåsen er utbetra og utvida.

Det er gjennomført eit prosjekt med utviding av eit vanskeleg parti av Vatnadalssvegen. Vidare er det starta opp arbeid med rehabilitering av "gamle Møllebrua". Det er vidare utført ein del trafikktryggleikstiltak med oppsetting av bommar, skilt m.m. Arbeidet med hovudplan veg og revidering av kommunedelplan trafiksikring vart starta opp i siste halvår 2011. Det er utført noko reasfaltering i året som gjekk m.a. i Osen, Hamnegata, Vabakkjen, Orrebrotet og Heianevegen. På Ringvegen forbi Heiane mottak er det etablert ein fartsdempar og utført noko reasfaltering.

Innanfor fagfeltet parkering er det gjennomført nye tiltak inkludert utviding av dei generelle avgiftstidene. På det kommunale parkeringsarealet i Sæ og i parkeringshuset ved Turnhallen er det innført avgiftsparkering. Det er m.a. kjøpt inn 3 nye automatar for mynt/kort. I tillegg til dette er avgiftsparkeringa på torget utvida til også å omfatta det tidlegare private parkeringsarealet bak Stord rådhus. Kommunestyret gjorde kort tid før årsskifte 2011/2012 vedtak om at parkeringsplassane ved teknisk bygg og torget skulle ha ei ordning med første time gratis parkering.

Det er vidare gjort visse oppgraderingar av gatelys. Revidert drifts og vedlikehaldsavtale med SKL vart jobba fram på slutten av fjoråret og gjort gjeldande frå 2012.



# Oppvekst og utdanning



*Ei brukarundersøking i 2011 syner at barnehagane i Stord kommune skorar over landsgjennomsnittet. Best er me på trivsel, respektfull behandling og tilgjenge. (foto: Nina Særlj)*

## MÅLSETJING FOR 2011

**Utvikling:** Vidareføring av utviklingsarbeid som gjeld språk, lesing, rutinar for spesialundervisning og vurdering for læring i skulen. Barnevernet skal starta 3 årig utviklingsprosjekt knytt til å førebyggje omsorgsovertaking.

**Kvalitet:** Einingane skal arbeida med brukarmedverknad, samordna tenester, tidleg og rett hjelp, helsefremjande arbeid, stimulerande og trygge leike og opphaldsareal og å kvalitetssikra tiltak til minoritetsspråklege barn og unge. Kommunen skal ha full barnehagedekning.

## BARNEHAGANE

Frå 1. september 2009 vart det lovfesta rett til barnehageplass. I 2011 har alle med rett til plass fått tilbod om barnehageplass i Stord kommune. I tillegg er det mange utan rett til plass, som har søkt utan å få plass.

Det er ikkje opna nye barnehagar på Stord i 2011. Det er 23 barnehagar i kommunen, 5 kommunale og 18 private.

Plan for kompetanseheving i barnehagesektoren framhevar språk som eit satsingsområde. I Stord kommune har språkarbeidet vore systematisert gjennom utviklingsprosjektet "Språkmiljø og språkstimulering i barnehagen". Barnehagane arbeidar framleis med å implementera kjennetekna i "språkplakaten" i det pedagogiske arbeidet. Samstundes er nokre av barnehagane referansegruppe for skulane i prosjektet "Språkmiljø og språklæring i barnehage og skule". Stord kommune har i 2011 satsa vidare på "Kvalitet og leing i barnehagen", der pedagogiske leiarar og styrarar frå både private og kommunale barnehagar har delteke.

Prosjektet "Lovfesta tiltak for barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn i barnehage og skule" starta opp våren 2011. Prosjektet har ikkje hatt framdrift som planlagt grunna mangel på prosjektleiar. Det er utarbeidd forstudieplan.

## OPPVEKST OG UTDANNING

I regi av Fylkesmannen har Stord kommune 5 barnehagar med i eit pilotprosjekt for assistentar i barnehage. Sju assistentar frå kommunale og private barnehagar tar del i kurset der målet er at deltakarane aukar sin kompetanse i høve arbeid i barnehage. Prosjektet er eit ledd i satsinga på kvalitetsutvikling i barnehagen.

I 2011 vart det gjennomført 7 barnehagetilsyn, Avvik som vart avdekket er retta opp.

I løpet av 2011 har ein sett ein liten nedgang i talet på dispensasjonar frå utdanningskravet samanlikna med året før. Alt i alt har ein i 2011 hatt 7 søknader om dispensasjon. Det er ei utfordring å få tak i førskulelærarar til ledige stillingar.

Våren 2011 gjennomførte Stord kommune brukarundersøking i private og kommunale barnehagar. Svarprosenten var på 40. Resultatet ligg over landssnittet og skårar best på trivsel, respektfull behandling og tilgjenge. Den lågaste skåren finn ein på fysisk miljø.

Utfordringar det blir peika på i Medarbeidarundersøkinga for 2011 er løn, fastsetjing av løn, inneklima og standard på arbeidslokala. Ut frå Stord kommune sine ambisjonar innafor ulike område i undersøkinga kjem barnehagane samla sett godt ut. Område som kjem særst positivt ut er forhold som har med næraste leiar å gjera og fagleg og personleg utvikling.

Frå 2011 tok kommunane over tildelinga av offentlege tilskot i samsvar med forskrift om likeverdig behandling mellom kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Kommunen har no overteke alt ansvar med tildeling av offentleg tilskot til og kontroll med private barnehagar. Arbeidet med dette er betydeleg. Det kommunale driftsnivået er styrande for driftstilskotet til private barnehagar. På landsbasis utgjør offentleg (les kommunalt) tilskot 85 prosent av driftsutgiftene til barnehage. Dei ikkje-kommunale barnehagane meldar at rammene er strame og at det er vanskelegare etter den nye rammefinansieringa. For å motivera barnehagane til å ta inn fleire barn, vart det våren 2011 politisk vedtatt nye retningslinjer som opna for at barnehagane kunne ta inn og få tilskot til fleire barn.

## NØKKELTAL

Barnehagar	Stord			Samanliknings-	Landet
	2011	2010	2009	kommunar	utan Oslo
Netto driftsutgifter i barnehagesektoren i % av kommunens totale netto driftsutgifter	14,7	2,0	2,0	15,3	14,5
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år (i kr)	96 333	9 815	10 203	103 768	107 042
Andel barn 1-5 år med barnehageplass (%)	86,5	90,7	92,1	90,8	90,4
Andel barn i kommunale barnehagar i forhold til alle barn i barnehage (%)	24,5	24,4	26,0	..	..
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per korrigert oppholdstid (i kr *)	47	45	44	..	..
Kommunale overføringar av driftsmidlar til private barnehagar per korrigert oppholdstid (kr)	34	5	9	..	..
Korrigerte oppholdstimar per årsverk i kommunale barnehagar	11 741	12 557	12 138	..	..
Andel tilsette med førskulelærerutdanning (%)	37,6	37,7	38,6	32,0	32,9

Barnehagedekninga har gått ned i 2011. Dekningsgraden var 15,12,11 på 86,5 mot 90,7% i 2010. Kommunen nyttar no, etter at rammefinansiering er innført 15,7% av netto driftsutgifter til barnehageverksemd. Heile 37,6% av barnehagetilsette i Stord kommune har førskulelærerutdanning, mot 32% i landet elles.



Elevane i Stord kommune har fått auka lesedugleik og leselyst gjennom Prosjekt lesedugleik. (foto: David Jacobsen)



Femteklassingane frå Leirvik skule vann den landsomfattane konkurransen SMARTare energi 2011. Oppfinninga deira er eit flytande offshore-tårn med innbygd vass- og vindmølle. (foto: Nina Sørtli)

## SKULANE

I Stortingsmelding nr. 31 [2007-2008] går det fram at det er viktig at kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Tilstandsrapport for grunnskulen i Stord kommune 2011 viser at Stord kommune har system for kvalitetssikring og dialog med politikarane som fokuserer på målsetjingar og resultat innan viktige faglege og sosjale område i skulen.

Forholdet mellom talet på elevar og lærarårsverk, elevtimar og lærartimar seier noko om ressursbruken i skulen. Samla sett ligg Stord kommune litt under landssnittet på desse områda og me ser ei negativ utvikling samanlikna med dei føregåande åra. Stabil ressurstilgang er ein avgjerande faktor når ein skal dreia opplæringa meir i retning av tilpassa opplæring.

Grunnskulane i Stord kommune har utviklingsprosjekt om Rutinar og utfordringar i samband med spesialundervisninga. Målsetjinga er at Stord-skulane i større grad skal gi tilfredsstillande opplæringstilbod innafør ramma av tilpassa opplæring, og slik få ned talet på enkeltvedtak etter § 5-1 i Opplæringslova. Samla resultat viser at 6,2 prosent av elevane i Stord kommune har fått vedtak etter § 5-1; 5,0 prosent på barnskulane og 9,1 prosent på ungdomsskulane. Skulane har i 2011 utarbeida eigne planar i tråd med Handbok for tilpassa opplæring.

Stord kommune har Prosjekt lesedugleik felles for alle skulane med fylgjande mål:

Elevane opplever auka lesedugleik og leselyst.

Samla resultat for 5. og 8. trinn viser at me har nådd lokal målsetjing, og ligg på snittet nasjonalt. Prosjektet er ein viktig del av arbeidet med tilpassa opplæring og lesing som grunnleggjande dugleik.

Prosjektet "Lovfesta tiltak for barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn i barnehage og skule" starta opp våren 2011. Prosjektet har ikkje hatt framdrift som planlagt grunna mangel på prosjektleiar, men det er utarbeidd forstudieplan.

I Stord kommune har alle skulane fokus på fysisk aktivitet og helse. Nokre skular har aktuelle tiltak i samarbeid med Folkehelsekoordinatoraren.

Utfordringar det blir peika på i Medarbeidarundersøkinga for 2011 er inneklima, standard på arbeidslokala, løn, nok tid og forventningar til overordna leing. Ut frå Stord kommune sine ambisjonsnivå innanfor ulike område i undersøkinga, ligg skulane samla sett på linje eller over. Og skorer høgt på trivsel og samarbeid, stoltheit over eigen arbeidsplass og innhaldet i jobben.

Elevtalet i kommunen er stabilt, men tilflyttinga til Langeland skulekrins gjer at den skulen no har langt fleire elevar enn det den er planlagt for på fleire trinn.

Tre skular jubilerte i 2011. Huglo har hatt eigen skule i 100 år. Skulen feira med utstilling av historisk skulemateriell, kultur og aktivitetsdag for noverande og tidlegare elevar, samt andre gjestar. Hystad skule passerte 40 år og feira med ballongslepp og flott sirkus. Tjødnaljo skule vart 20 år. Dei markerte dette med kulturkveld, med utstillingar og flott underhaldning av skulen sine elevar.

## OPPVEKST OG UTDANNING

## NØKKELTAL

Grunnskuleopplæring	Stord			Samanlikn.-kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskuleundervisning, per elev	78 959	75 630	76 763	96 115	98 244
Lønnsutgifter til grunnskule, skulelokaler og skuleskyss, per elev	67 550	64 649	63 745	73 137	73 558
Driftsutgifter til inventar og utstyr, per elev i grunnskulen	404	486	460	744	799
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev i grunnskulen	1 213	1 060	1 198	1 377	1 484
Antal elevar***	2 598	2 593	2 662		
Elevar per undervisningsrelatert årsverk**	13,1	13,0	12,3		
Gjennomsnittleg gruppestørleik 1. – 7. trinn***	13,6	13,3	12,6		
Gjennomsnittleg gruppestørleik 8. – 10. trinn	15,7	16,1	14,9	15,1	14,5
Andel elevar i grunnskulen som mottok spesialundervisning	6,9	6,2	7,1	9,0	8,6
Timar spesialundervisning i % av totale lærartimar	20,4	20,6	20,9	18,9	18,3
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	38,5	39,6	37,9	39,6	..

\*\*SKULEDATA-tal 2010, \*\*\* GSI-data 2010

*KOSTRA-tala syner at ressursbruk i skulane er på lag same nivå eller litt lågare enn 2011, når ein tek omsyn lønsvekst. Stord bruker mindre til grunnskuleundervisning enn samanliknede kommunar. Andelen elevar som får spesialundervisning har auka litt frå 2011, men er lågare enn i andre kommunar. Andelen har auka på landsbasis. Gruppestørleiken har auka på barnetrinnet, men gått litt ned på ungdomstrinnet. I 2011. Grunnskulepoenga viser ein liten nedgang i 2011 etter ein fin oppgang i 2010.*

Skulefritidsordninga (SFO)	Stord			Samanlikn.-kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter SFO i prosent av samla netto dr.utg.	0,4	0,5	0,5	0,4	0,4
Netto driftsutgifter til SFO per innbyggjar 6-9 år	3 526	3 017	3 159	3 276	3 894
Andel innbyggjarar 6-9 år i SFO, prosent	42,9	44,7	44,6	59,0	61,3
Brutto driftsutgifter til SFO per brukar i kr	24 261	22 773	21 961	23 413	24 144

*Utgiftene til skulefritidsordninga ligg om lag på gjennomsnittet. Dekningsgraden er lågare enn for landsgjennomsnittet og har gått ned frå 2010.*

Vaksenopplæring	Stord			Samanlikn.-kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring, i prosent av samla netto driftsutgifter	0,4	0,8	0,4	0,5	0,3
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring, per innbyggjar	165	255	123	198	156

*Vaksenopplæringa er organisert under Stord ungdomsskule. Kommunen nyttar litt meir av sine ressursar til dette enn samanlikningskommunane, men under landsgjennomsnittet. Utgiftene gjekk opp i 2010, men er teke sterkt ned igjen i 2011.*



(foto: Nina Særtli)

## BARNEVERN

### Statistikk Stord 2006 - 2011

2006 2007 2008 2009 2010 2011

Meldingar	78	98	121	128	126	153
Undersøkingar i alt	68	100	96	122	106	94
Barn med hjelpetiltak totalt	176	172	141	165	150	127
Hjelpetiltak i heimen	142	144	122	146	131	83
Hjelpetiltak utanfor heimen	34	28	19	19	19	44
Barn plassert siste år	9	3	7	9	12	12
Barn over 18 år			3		9	11

Barnevernet i Stord er organisert i Sunnhordland interkommunale barnevern (SIB) saman med Bømlo og Fitjar, der Stord er vertskommune.

Meldingar til barnevernet har auka i 2011. Sjølv om meldingar blir henlagt, og ikkje fører til undersøking, vert det arbeidd i sakene i førebbyggjande team SIB eller i andre einingar.

Barnevernet har høgt fokus på å fylle lovkrav, men har likevel ein del brot på krav og fristar. Tala varierer og skuldast komplekse saker og stort saksomfang. Til grunn for mange av sakene ligg rusmisbrukande

foreldre, psykisk sjuke foreldre, vald i nære relasjonar, minoritetsproblematikk og sterke konflikter mellom foreldre. I 2011 fekk SIB tilført tre årsverk frå Fylkesmannen, som del av den statlege øyremerka satsinga på barnevernet. Fylkesmannen har godkjent at ubrukte midlar i 2011 vert sett av til kompetansetiltak.

Det er oppretta to 100 prosent stillingar som familierettleiarar gjennom omfordeling på budsjettet. Oppgåvene til familierettleiarane skal vera å gje heilskapleg, systematisk, målretta og tidsavgrensa tilbod til barn/ungdom og deira familiar i deira naturlege nettverk/nærmiljø. Formålet er å redusera talet på omsorgsovertakingar og styrke omsorgskompetansen til familiene, samt å redusera kostnadene i barnevernet ved å kutte ned bruken av eksterne rettleiarar.

SIB har inngått skriftlege samarbeidsavtaler med BUFETAT ved Fagteam Fonna og Fosterheimstenesta i Fonna. Avtalene er i tråd med aktuell utvikling og behov, og vert evaluert årleg. Eit av avtalepunkta er fast møte med fagteamrådgjevar på leiarnivå kvar månad. Ein har ikkje nådd alle måla ein sette når det gjeld kunnskapsbasert utvikling, men medarbeidarar har starta masterutdanning innan barnevern, ein har auka kompetanse på vald i nære relasjonar. Det er god rekruttering til SIB, opplæring, oppfølging, innføring, samtidig som oppgåver skal løysast og ivaretakast på ein forsvarleg måte, er utfordrande. SIB har hatt langtidsfråvær, grunna sjukdom, svangerskapspermisjonar og annan permisjon.

På grunn av høgt sjukefråvær, har eininga hatt stort fokus på langtids-sjukemeldte og arbeidsmiljø saman med personalkontoret, tillitsvalt, verneombod og bedriftshelsetenesta

## OPPVEKST OG UTDANNING

Tiltaksbudsjettet er delt i funksjon 251 Hjelp i familien og 252 Hjelp utanom familien.

Konto	Konto (T)	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik
2440	Barnevernteneste	7 204 905,88	7 944 307,28	739 401,40
2510	Barneverntiltak i familien	3 489 831,84	4 930 289,67	1 440 457,83
2520	Barneverntiltak utafør familien	9 417 039,03	9 105 808,03	-311 231,00
	Positivt resultat Barnevern Stord			1 868 628,23

### NØKKELTAL

Barnevern	Stord			Samanlikn.- kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barneverntenesta	4 527	5 297	4 507	5 836	6 185
Barn med undersøking ift. antal innb. 0-17 år, prosent	2,4	2,3	2,6	3,9	3,9
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	2,8	3,2	3,5	4,6	4,7
Brutto driftsutgifter per barn (f. 244, barneverntenesta)	45 472	33 502	24 843	34 767	36 608
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk	16,5	23,1	22,5	20,7	19,3
Brutto driftsutgifter per barn i opphavleg familie(f. 251)	51 518	54 623	50 385	28 439	30 070
Brutto driftsutgifter per barn utanfor opphavleg familie	291 273	400 750	254 744	291 739	292 313
Andel undersøkingar m. behandlingstid over tre månadar, prosent	9,6	28,0	40,7	21,6	26,5

I forhold til talet på innbyggjarar i målgruppa for barneverntenesta nyttar kommunen mindre enn gjennomsnittet av kommunar i vår samanlikningsgruppe. Ser ein på talet på barn under barnevernstiltak så er det ein nedgang frå 3,2 % til 2,8 % av aktuell barnegruppe. Kommunen ligg lågare enn samanliknbare kommunar når det gjeld andel barn under tiltak. Kommunen nyttar vesentleg meir pr. barn til tiltak i familien. Medan utgifter til barn utanfor familien ligg på nivå med andre kommunar. Talet på barn med behandlingstid over 3 md. viser ei positiv utvikling og her har Stord no langt betre tal enn samanliknbare kommunar.

### PP-TENESTA - HELSESØSTERTENESTA

Kommunehelse	Stord			Samanlikn.- kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter til førebygging, skule og helsestasjonstenester per innb 0-20 år	1 676	1 574	1 344	1 649	1 646

Kommunen nyttar litt meir enn gjennomsnittet til denne tenesta.



Stord ungdomskor heldt fleire konsertar under festivalen i Aberdeen i 2011. Her frå ein konsert i Fraserburgh. (foto: Tørres Edvardsen)

## KULTURSKULEN

### Elevplassar, tilbod og samarbeid

Kulturskulen hadde frå januar 2011 643 elevplassar. Frå august 2011 auka dette talet til 705, ei auke på 9,64 prosent. Hausten 2011 hadde kulturskulen ca. 13,5 årsverk fordelt på 27 tilsette. Av desse var 17 menn og 15 kvinner, ei kjønnsfordeling som er svært atypisk for vår type verksemd.

Det vart i 2011 gjeve undervisning i Animasjon, cello, fiolin, bratsj, gitar/el.gitar, kornett/trompet, euphonium, baryton, trombone, el.bass, piano, kyrkjeorgel, slagverk, song, kor (Stord kulturskulekor og Stord ungdomskor), musikkleik 0-1, tverrfløyte, musikkterapigruppe, band, jazzdans, klassisk ballett, moderne dans, drama/teater.

Kulturskulen sende dirigenttenester og andre tenest er til Huglo skulekorps, Langeland skulekorps, Rommetveit skulekorps, Stord skulekorps, Sagvåg musikklag, Sunnhordland kammerorkester, Hystad skule, Langeland skule, Rommetveit skule, Tjødnalio skule, Stord ungdomsskule, Skogatufto barnehage, Stord vidaregåande skule, Hordaland fylkeskommune/Rikskonsertane, Jentespranget og Fitjar kommune samt musikartenester til organisasjonar, institusjonar, lag og einskiltpersonar.

### Kulturskulearrangement i 2011:

- 17 eigne offentlege konsertar (musikk, dans og teater) og mange interne konsertar for elevar og føresette
- barnehageturne til og for alle barnehagane i kommunen

- 6 arrangement i kulturhuset for eldre i institusjonar/heimesjukepleie (den kulturelle spaserstokken i samarbeid med institusjonar og kulturtenester)
- 9 eigne konsertar med Trio Vest og gjester. Ein av desse var konsert til ære for komponisten Knut Vaage som fylte 50 år hausten 2011. Til denne konserten vart det skrive eit tingingsverk av Knut Vaage for Trio Vest og Stord ungdomskor. Trio Vest hadde i alt 11 betalte speleoppdrag i tillegg til skulekonsertane. Trio Vest hadde ein 7 dagars turne med 17 skulekonsertar i Bergensregionen i regi av Rikskonsertane/Hordaland fylkeskommune.
- Vertskap for årsmøte og konferanse i regi av Norsk kulturskoleråd-Hordaland.

Elevar og tilsette i kulturskulen deltok på mange ulike arrangement i regi av andre kommunale einingar, institusjonar, organisasjonar, lag og privatpersonar. Stord ungdomskor deltok sommaren 2011 på festival i Aberdeen. Dei har også hatt fleire eigne konsertar. Elles kan det nemnast at mangeårig dirigent for Stord ungdomskor, Reidun Hagenes, slutta som dirigent våren 2011. Til å overta for henne rekrutterte me frå eigne rekker.

Kulturskulen har hatt eit svært aktivt år i 2011. Året me no nettopp har starta kjem til å bli enno meir aktivt og omfattande. Allereie frå januar 2012 har talet på elevplassar passert 850 og fleire nye tilbod har blitt introdusert og sett i verk.

## NØKKELTAL

Kulturskole	Stord			Samanlikn.- kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter til kommunal musikk- og kulturskule, i prosent av samla netto driftsutgifter	0,6	0,8	0,8	0,6	0,6
Netto driftsutgifter til kommunal musikk- og kulturskule, per innbyggjar 6-15 år	2 031	1 890	1 913	1 802	2 004
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal musikk- og kulturskule, per brukar	14 223	14 375	13 118	13 650	14 512
Andel brukarar i grunnskulealder i kulturskolen av antall barn i alderen 6 - 15 år	18,9	17,3	18,5	15,0	15,6

*Kommunen nyttar noko meir til kulturskolen enn gjennomsnittet av kommunar i vår gruppe. Kommunen har ein større del av barn i alderen 6-15 år i kulturskuleaktivitet enn gjennomsnittet.*



*El-gitarelevor opptre på eit arrangement for eldre i institusjonar. Frå venstre: lærar Tom Stien og elevane Ruben Betten, Jomar Austefjord, Kristoffer Larsen. (foto: Åge Vallestad)*



# Rehabilitering, helse og omsorg



Ytre Sunnhordland Samhandlingsteam. (foto: Eirik Dankel)



Varmtvassbassenget i rehabiliteringssenteret er mellom anna nytta av personar med legerekvisisjon for trening i basseng. (foto: Nina Sørlti)

## MÅLSETJING FOR 2011

Arbeidet med reguleringsplan for nye sjukeheimplassar er godt i gong. Det same gjeld planlegging av ombygging av Ådland studentheim. Kommunen har rimeleg god respons på utlyste stillingar innan RHO- området og ein har fått auka fokus på bruk av individuell plan sjølv om ikkje alle som har rett på det har fått det enno. I samband med folkehelsearbeid er det gjennomført fem tiltak i høve partnerskap for folkehelse. Dei kommunale institusjonane har hatt auke på 25 prosent i tal på inn- og utskrivningar, men det har likevel vore vanskar med å ta hand om alle ferdigbehandla frå sjukehuset og heimebuande som har trong for institusjonsplass.

## Rehabilitering, helse, omsorg

2011 har vore eit år prega av økonomisk stramme rammer. Det er gjort eit svært godt arbeid i einingane og området totalt sett kom ut med overskot.

Førebeuing til Samhandlingsreforma har gått gjennom heile året. Forskjellige lover og forskrifter er arbeida med i høyringssamanheng og tilsette har delteke i fora der informasjon om reforma er gitt og drøfta. Kommunen er med i to prosjekt i samband med Helsetorgmodellen: Observasjonsplassar/ legevaktsamarbeid og Heimerehabilitering. Samarbeid med Helse Fonna, nabokommunar og HSH har vore vektlagt i denne samanhengen. Arbeidet med samarbeidsavtalane har hatt fokus siste kvartal og ein har som mål at desse skal verta vedtekte i 2012.

I samband med Samhandlingsreforma og framtidig demografisk utvikling har det vorte utarbeida fleire planar. Strategisk kompetanseplan og ny overordna plan for rehabilitering, helse og omsorgstenestene er jobba med og blir ferdiggjorde våren 2012.

Folkehelsekoordinatoren gir impulsar i høve førebygging og helsefremjande tiltak, som er sentralt i reforma. Prosjekt med universell utforming er med og påverkar at folk kan bu lengre i eigen heim. I tillegg har kommunen fått tilskot til å prøva ut oppretting av Frisklivssentral, som m.a. skal vera med og arbeida for reduksjon av livsstilssjukdomar.

Det er gjennomført dagrehabilitering ved rehabiliteringssenteret ein 5 vekers periode i 2011. 179 brukarar med rekvisisjon frå lege har fått treni i oppvarma basseng. Det er gjennomført gruppetreningar med pasientar med forskjellige diagnosar gjennom året. Brukarar og tilsette ved Hamna kontaktsenter har fått 15 dagars kurs av Mølla kompetansesenter om medarbeidar med brukarerefaring og personleg

utvikling. Nokre brukarar har hatt praksisplass i Eining for sosial og førebyggjande teneste. Det har vore brukarope ved Hamna kontaktsenter ein stor del av ettermiddagane og helgane gjennom året.

I samband med budsjettrevisjonen i april 2011, vart timeprismodellen (pengar følger vedtak) avvikla. Etter dette er alle einingane rammebudsjettert.


Heimebaserte tenester har vidareutvikla seg etter samanslåinga året før. I 2011 har fokusområda vore: økonomi- og budsjettkontroll, timetildeling i samarbeid med tingarkontoret og effektivisering, dvs auke i direkte tid. I høve budsjettreduksjonen i vår vart det innført tak for grunnbemanning i kvar avdeling. Dette medførte ein reduksjon i bemanninga på om lag sju årsverk. Ytterlegare reduksjon vart gjennomført i haust. Timetildeling er gått gjennom for kvar einskild brukar, og dette har gitt ein reduksjon i tenestene. For å få dei daglege tenestene til å fungera, må ein heile tida vurdere å ikkje utføra tenester i vedtak.

### Oversikt over samla timetildeling (personretta tenester og praktisk bistand) pr md. for 2008-2011

	2008	2009	2010	2011
Snitt pr md.	7164	8376	8371	7815

### Oversikt over tal brukarar i tenestene frå april til og med desember 2011.

	2011	
	Personretta	Praktisk bistand
April	432	277
Mai	408	270
Juni	397	262
Juli	388	258
August	386	259
Sept	318	257
Oktober	317	247
November	321	250
Desember	327	247



*Et rask avklaring med avdelingsleiar før sjukepleiaren drar på heimebesøk. (foto: Nina Sørli)*

I heimetenestene har ein ved hjelp av teknologiske hjelpemiddel redusert møtetid ved vaktstart og vaktslutt. Ytterlegare effektivisering er avhengig av ny teknologi som er under utprøving.

Reduksjon i vikarinntak og godt samarbeid mellom avdelingane for å handtera svingingar i fråver eller brukarbehov er sentralt for å få kontroll på økonomien, og dermed oppnå ei kostnadseffektiv drift. Ein har difor samla fleire avdelingar i same base. Avdelingane samarbeider svært godt på kveld og helg og utnytter det som til ei kvar tid måtte vera av ledig kapasitet. Full samlokalisering har potensiale til ytterlegare effektivisering, samt betre kvalitetssikring.

Talet på institusjonsplassar er lågare i Stord kommune enn i samanlikningskommunar. Dette fører til at det er høg terskel for å få plass og dei som bur på institusjon er svært omsorgstrengande. Det har vore arbeida med planlegging av nye plassar, men ei slik utbygging er lagt noko fram i tid pga. den økonomiske stoda. Presset på institusjonsplassar gjer at heimebaserte tenester må gje omsorg i heimen for sterkt omsorgstrengande innbyggjarar som ikkje får plass i institusjon. 31 personar har fått innvilga langtidsopphald på sjukeheimen eller heiltdøgntenester på Knutsaåsen omsorgssenter i 2011, og 17 søknader er avslått. 101 søknader er innvilga på korttids-/rehabiliteringsopphald, og 45 er avslått. Det er 9 personar som formelt har klaga på vedtak innan RHO tenestene. Resultatet av klagehandsaminga vart som følgjer:

- i 3 av sakene omgjorde kommunen vedtak til klagars gunst (utan å senda vidare)
- i 4 av sakene fekk kommunen medhald

- 1 klagar fekk medhald av fylkesmannen
- 1 klage er enno ikkje avgjort (ligg hos Fylkesmannen)

Det er framleis auke i søknad om døgnavlastning. Dette gjeld særleg unge som har omfattande og samansette behov for tenester og som ventar på etablering i eigen bustad.

Det er gjort fire tilsyn på Stord sjukeheim og Knutsaåsen eldresenter i 2011. Mattilsynet sitt uanmeldte tilsyn på Knutsaåsen førte til revidering av mathandsaminga og innføring av nye rutinar. Arbeidstilsynet sitt tilsyn på sjukeheimen omhandla oppfølging av sjukemeldte og bruk av bedriftshelsetenesta. Dette førte til at institusjonen lagde ein risiko- og sårbarheitsanalyse med tiltaksplan og er i dialog med bedriftshelsetenesta om ny samarbeidsavtale. Helsetilsynet undersøkte bruk av tvang og makt på sjukeheimen og fann to avvik. Desse er det laga handlingsplan for, med tiltak som skal gjennomførast våren 2012. SKL førte tilsyn ved sjukeheimen i høve elektriske installasjonar. Her fekk Ske KF eit par punkt om mindre utbetringar som må gjerast.

I samband med aukande alder på innbyggjarane reknar me med at det vert auke i tal på eldre med demens. For å møte denne utviklinga har kommunen gått inn i eit samarbeid med Fitjar og Bømlo om opplæring i Demensomsorgens ABC. Dette er ei statleg satsing for å gi tilsette auka kunnskap om demenssjukdom. 16 tilsette starta denne opplæring i 2011 og fleire startar i januar 2012. Demensteamet hadde uttreiing av 20 nye brukarar i fjor og har 16 på venteliste ved årsskiftet.



På Knutsåsen omsorgssenter er det konsert i peisestova kvar tysdag. (foto: Nina Særtli)

16 tilsette har teke vidareutdanning m a i eldreomsorg, psykisk helse, rusomsorg og leing. I tillegg er det gjennomført fleire interne opplæringer.

På grunn av at omstillingar og effektivisering har teke mykje fokus i 2011, er det berre gjennomført to brukarundersøkingar innan RHO. På Stord sjukeheim er pårørende målgruppa og svarprosenten er svært låg. Svara ligg nokolunde på landssnittet. Eining for habilitering gjennomførte undersøking av brukarrepresentantar. Det var litt høgare deltaking og ein ligg stort sett på landssnittet også her. Resultata frå undersøkingane vert følgde opp i einingane sine handlingsplanar.

Som følgje av den økonomiske situasjonen er fleire tiltak sett tilbake eller endra. Ved Sæbø gard blir nye brakkemodular brukt til dagtilbod for to brukarar. Utvikling av nye, permanente dagplassar og planlegging av ytterlegare nye bufellesskap er sett på vent. Det er redusert fleire stillingar både ved Vidsteentunet dagsenter og ved Sæbø gard.

NAV har gjennomført fleire bedriftsnettverk, der ulike bedrifter kjem saman, får informasjon og lærer av kvarandre. Dei har også hatt fleire møter med fastlegar med tema sjukefråværsoppfølging og informasjonsdeling. Brukarundersøking på NAV gav betre resultat på alle områder enn året før.

NAV har halde to jobbsøkjarkurs for ungdommar i 2011 og ein ser nedgang på ungdommar som mottok økonomisk sosialhjelp.

Det har vore problem med mangelfullt tilbod om val av fastlege i Stord p.g.a. stengde lister. Legane i Stord har i snitt fastsett eit lågare tal personar på listene, enn det som er vanleg i byar. Kommunen har opna for dette så langt det let seg gjera. Nye legar ønskjer og kontroll med arbeidstida og vil ikkje ha fastlegeansvar for mange personar. Det er no 19 fastlegar og 1 turnuslege fordelt på 5 legesenter. Legetenesta vart utvida med 1 fastlege i 2011. Etter dette har det til ei kvar tid vore om lag 7 legar som har hatt open liste, og det er ved årsskiftet om lag 200 ledige listeplassar hjå desse legane. Legevakta har om lag 8-9000 kontaktar i året, men har fortsatt ikkje tilstadesvakt om natta.



Kjøkenet på Knutsåsen omsorgssenter. (foto: Nina Særtli)

## ØKONOMI

Detaljerte nøkkeltal frå Kostra, nivå 2

Pleie og omsorg	Stord			Samanlikn.- kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
<b>Heimetenesta</b>					
Korrigerte brutto driftsutg. pr mottakar av heimetenester (i kroner)	267 239	253 934	246 731	208 668	197 316
Mottakarar av heimetenester pr 1000 innb. 0-66 år	18	18	18	20	19
Mottakarar av heimetenester pr 1000 innb. 80 år og over	344	365	372	354	344
Andel heimebuande brukarar som mottek kjernetenester over 67 år med omfattande bistandstrong	26,2	28,0	30,4	14,0	11,7
<b>Institusjonar</b>					
Plassar i institusjon i % av innbyggjarar over 80 år	11,6	11,9	9,9	..	18,3
Legetimar pr veke pr bebuar i sjukeheim	0,58	0,43	0,53	0,37	0,39
Fysioterapitimar pr veke pr bebuar i sjukeheim	0,19	0,20	0,25	0,30	0,31
Andel plassar i skjerma eining for personar med demens	35,5	35,5	43,5	..	24,4
Korrigerte brutto driftsutgifter i institusjon per plass i kroner	872 333	776 481	876 134	895 876	877 120
Andel brukarar i institusjon med omfattande bistandstrong, langtidsplassar	94,8	96,6	96,1	82,8	79,7
Netto driftsutgifter til aktivisering per innbyggjar, 18 år og over (i kroner)	1 437	1 437		964	978

Pleie og omsorgstenestene har m.a. som mål å tryggja at innbyggjarar med størst behov for hjelp er sikra kvalitativt, gode tenester, etter BEON-prinsippet (beste effektive omsorgsnivå). Dermed har det over ein del år vore ei styrkt utvikling der terskelen for å få tenester i kommunen er lagt høgt. Andre kommunar (også kommunar me vert samanlikna med) fordeler tenestene meir utover og lar fleire få hjelp. Når det vert fleire brukarar som får hjelp, vert driftsutgiftene pr brukar lågare. Dei innbyggjarane som kjem over terskelen og får hjelp i Stord kommune har i utgangspunktet stort hjelpebehov. Ein indikator på dette er andel heimebuande tenestemottakarar av kjernetenester på heile 26,2 prosent som har omfattande bistandstrong i Stord kommune mot 14,0 prosent i samanlikningskommunane. Høgare bistandsbehov betyr høgare kostnad pr heimebuande brukar.

Samtidig har kommunen svært låg dekningsgrad av institusjonsplassar. Dette er delvis kompensert med omsorgsbustader med heildøgnsbemanning (Knutsååsen omsorgssenter), men dekningsgraden er framleis vesentleg lågare enn dei me samanliknar oss med. Dette viser seg m.a. ved at det er svært høgt terskel for å koma inn på institusjon/ heildøgnsomsorgstilbod. Dermed er søkjarane svært omsorgstrengande før dei får plass. 94,8 prosent av langtidbebuarane på sjukeheimen har omfattande bistandsbehov, mot samanlikningskommunane 82,8 prosent.

I 2011 gav kommunen tenester til 19 særleg ressurskrevjande, heimebuande brukarar under 67 år, som gav ei lønsutgift på kr 48,4 millionar. Kommunen reknar å få refundert 17,4 millionar av desse utgiftene. Dette drar og opp snitt-kostnad pr brukar for heimebaserte tenester.

## ØKONOMI

Sosialtenesta	Stord			Samanlikn.- kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjar, i kroner	1 372	1 362	1 345	1 392	1 572
Netto driftsutg. til sosialtenesta i prosent av samla netto driftsutgifter	3,0	4,0	4,0	3,2	3,4
Netto driftsutg. til tilbud personar med rusproblem pr innbyggjar 20-66 år	257	250	335	190	323
Andelen sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggjarar i alderen 20-66 år	4,2	4,6	4,4	3,9	4,0
Sosialhjelpsmottakarar	455	484	457	8 250	106 483
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp per mottakar	25 110	28 271	28 980	30 327	34 450
Gjennomsnittleg utbetaling per stønadsmånad	6 569	7 240	7 390	..	..
Gjennomsnittleg stønadslengde (månader)	3,9	3,8	3,9	..	..
Sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp/introduksjonsstønad som hovudinntektskjelde, andel	40,9	40,1	39,6	39,8	42,5

Utviklinga viser at tal personar som mottek sosialhjelp og kostnadane vert redusert i høve 2010. Kommune har auka i utgift til personar med rusproblem og nyttar framleis meir enn samanlikningskommunane. Fleire enn tidlegare har sosialhjelp/introduksjonsstønad som hovudinntektskjelde.

Kommunehelsetenesta	Stord			Samanlikn.- kommunar	Landet utan Oslo
	2011	2010	2009	2011	2011
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	1 883	1 668	1 619	1 742	1 963
Netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter	4,2	4,9	4,8	4,0	4,3
Netto driftsutgifter til diagnose, behandling og rehabilitering per innbyggjar	1 031	968	953	1 178	1 398
Legeårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetjenesta	10,3	10,3	10,1	8,6	9,6
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetjenesta	6,3	6,9	7,0	7,8	8,4

Kommunen ligg nær gjennomsnittet når det gjeld ressursbruk innan dette tenesteområdet, med unntak av fysioterapiårsverk der kommunen ligg lågare.

# Tema



*Festivalforfatter Ingelin Røsland (t.h.) saman med Monstertante (f.v.) og Julie som spelte i operaen Monstertanta på HSH under Falturiltu i 2011. Studentane frå HSH hadde tre fulle hus kor dei spelte for elevar og vanleg publikum. (foto: Kristine Thorkildsen)*

## FALTURILTU, NYNORSK BARNEBOKFESTIVAL

Falturiltu, nynorsk barnebokfestival på Stord, gjekk av stabelen for femte gong 6.-11. nov 2011.

Den nynorske barne- og ungdomslitteraturen er rik og variert. Men det er framleis mange, også i dei nynorske områda av landet, som ikkje kjenner godt nok til den. Derfor blir det skipa til ein årleg festival, der dei nynorske bøkene og forfattarane blir synte fram på ulike måtar og i ulike samanhengar.

Sunnhordlandsforfattarane har lenge stått sterkt i norsk barne- og ungdomslitteratur. Einar Økland, Hans Sande, Rune Belsvik og Ragnar Hovland var sentrale i den store nyskapinga i denne litteraturen i 1970- og 1980-åra, og etter kvart har det komme til ei rekkje ulike forfattarar i regionen som har skrivne gode bøker for born og unge. Me har òg framstående klassikarar som Ragnvald Vaage og Johannes Heggland på dette området. Om me utvidar perspektivet litt nordover og sørøver, vil me også få med klassikarar som Per Sivle og Rasmus Løland og fine samtidsforfattarar som Erna Osland, Arnt Birkedal og Finn Øglænd. Det er såleis naturleg at ein nynorsk barnelitteraturfestival blir lagt til sunnhordlandsbyen Stord.

Bøker som ikkje er kjende, treng å bli formidla. Særleg gjeld dette bøker som har noko nytt i seg, bøker som provoserer, anten ved tema eller form; bøker med uvanleg motiv og skrivemåte; bøker som bryt sterkt med tradisjonen. Men når det gjeld den nynorske barne- og ungdomslitteraturen, er det trong for å formidla heile spekteret av bøker, både dei nyskapingane og dei tradisjonelle. Ikkje minst har det dei siste åra blitt prøvt ut ein del meir populære sjangrar på nynorsk, som kriminal- og spenningslitteratur, og desse bøkene fortener også å komma tydelegare fram i lyset.

### Festivaldiktatar

2007: Oskar Stein Bjørlykke, 2008: Rune J. Belsvik, 2009: Erna Osland, 2010: Hans Sande 2011: Ingelin Røsland

### Organisering

Festivalen er eigd av Stord kommune, og har til no fått støtte av Norsk Kulturråd, Sparebanken Vest, Sunnhordland Kraftlag, Hordaland Fylkeskommune, Longvafondet og Det Norske Samlaget. Festivalen samarbeider med Sunnhordland Museum, Stord folkebibliotek, Den kulturelle skulesekken v/ kulturtenester, Kulturskolen, Høgskulen Stord Haugesund og Stord Mållag.



Plakat for Falturiltu 2011



Kenneth Stenbråten (i midten) er koordinerende tillitsperson i Stord kommune, og arrangør av den årlige Rutlekonferansen om rus og psykisk helse.

#### 2011 "Tøff i trynet"

Forfattarar : Hilde Kvalvaag, Hans Sande, Atle Berge, Asbjørn Rydland, Alf Kjetil Walgermo, Hilde Myklebust, Lars Mæhle, Anne Karin Fonneland, Arnt Birkedal, Teresa Grøtan, Atle Hansen, Per Olav Kaldestad, Kristine Tofte, Erlend F. Skaret, Roald Kaldestad, Svein T. Framnes, Vegard Markhus, Sigrid Merethe Hanssen, Anna Rommetveit Folkestad, Brit Bildøen, Solfrid Sivertsen. Andre deltakarar: Hege Myklebust, Johanne Øvstebø Tvedten, Nam Nguyen, Heidi Sævareid, Stord Kulturskule, Blåhuldrene: Jentekor frå Stord, Sjantifantane: Gutekor som syng shantysongar, Grete Hylland, 4Adamas, Stord Mållag mfl.

### KOORDINERANDE TILLITSPERSON

#### - "Å VERA LOS I EIT UOVERSIKTLEG LANDSKAP"

Stord kommune starta i 2008 opp eit prosjekt kalla "Koordinerende Tillitsperson". Målet skulle vera å vera ein ressurs for personar som rusar seg, for hjelpeapparat og for pårørende.

Det å vera rusavhengig er ei belastning. Det kan vera vanskeleg å få oversikt over kvardagen og å vite kor ein kan gå for å få hjelp. Stord kommune har i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland bygd opp ei rekke ulike tenester som er tilpassa menneske med rusavhengighet. Nokon av desse er: Lavterskel Helsestasjon, Probis (Oppfylgning i bustad), Maris (Medikamentassistert rehabilitering i Stord kommune), Styrk, Utekontakten, Aktiv Fritid med Bistand, SLT og "I Jobb". I 2008 starta kommunen eit prosjekt i samarbeid med Helsedirektoratet som vart kalla "Koordinerende Tillitsperson". Fram til 2012 har dette vore eit prosjekt. Målet har vore å ha ei teneste som har låg terskel der folk kan ta direkte kontakt dersom dei treng kunnskap om kor dei kan få hjelp og kva type hjelp dei kan få. Koordinerende Tillitsperson har kontor saman med Maris, Lavterskel helsestasjon og Probis. Her har responsen frå brukarane vore svært god. Rambøll Management har, på oppdrag

frå Helsedirektoratet, følgt prosjektet tett. Gjennom alle åra har dei intervjuva fleire av dei som har nytta seg av Tillitspersonsordninga. Resultatet syner at mottakarane har opplevd tenesta som positiv.

Koordinerende Tillitsperson har i prosjektperioden hatt eit fokus på at arbeidet kring individuell plan skal styrkast. Rambøll Managements rapport syner òg at bruken av individuell plan har auka etter prosjektet "koordinerende tillitsperson".

I 2011 auka talet på personar som ynskte bistand. Koordinerende Tillitsperson har blitt kontakta av pårørende, legar, Nav og brukarar sjølv der ein ynskjer oppfylgning i frå koordinerende Tillitsperson.

Noko av hjelpa som blir ytt, er samtalar, heimebesøk, oppretting av individuell plan, urinprøvetaking, besøk i bedrifter, kinokvelder, bistand for å halde Maris ope nokre kveldar med meir.

Koordinerende Tillitsperson har òg eit mål om å gje opplæring og kompetanseauke for andre som kjem i kontakt med rusavhengige. Hausten 2011 arrangerte difor koordinerende tillitsperson, for tredje gong, eit to-dagars kurs på Rutle Konferansesenter med, mellom anna, støtte frå Fylkesmannen i Hordaland. Kurset var opent for brukarar av Hamna kontaktsenter, Maris, Lavterskel helse og pårørende.

I 2011 var talet på kursdeltakarane om lag 200. Dette var eit samarbeid mellom HSH og Stord kommune. I arrangementskomiteen sat ein brukarrepresentant og på konferansen var det tre innlegg av brukarar. Responsen frå kursdeltakarane har vore veldig god.

Ordninga med koordinerende tillitsperson har no funne si form. Den fangar opp personar tidleg i ein ruskarriere og den har vist seg god og fleksibel for dei som alt har vore lenge i hjelpesystemet.

# Kommuneøkonomien



Hausten 2011 starta arbeidet med utbetring av både veg, vass- og avlaupsnett på Jensanesvegen. Området skal etter planen vera ferdig utbetra i august 2013.  
(foto: Øyvind Dahl)

## ØKONOMI

Stord kommune si økonomiske stilling og utvikling vert vist gjennom balansen, finansieringsanalysen og nøkkeltal.

EIGENLUTAR (tal i millionar kroner)	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Omløpsmidlar:</b>					
Kasse, postgiro, bank	266	190	196	173	203
Fordringer	50	75	85	318	132
Premieavvik	15	26	23	31	41
Sum omløpsmidlar	331	291	304	522	376
<b>Anleggsmidlar:</b>					
Aksjar, andelar	29	33	30	32	34
Langsiktige utlån	79	85	917	877	939
Pensjonsmidlar	627	709	738	817	784
Utstyr og fast eigedom	878	983	187	214	234
Sum anleggsmidlar	1 613	1 810	1 772	1 939	1 990
Sum eignelutar	<b>1 944</b>	<b>2 101</b>	<b>2 076</b>	<b>2 462</b>	<b>2 366</b>



GJELD OG EIGENKAPITAL (tal i millionar kroner)	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Gjeld:</b>					
Kortsiktig gjeld	122	143	171	381	185
Langsiktig gjeld	630	708	872	970	1 130
Pensjonsforplikting	718	795	827	906	1 015
Sum gjeld	1 470	1 646	1 870	2 257	2 330
<b>Eigenkapital:</b>					
Fond	180	169	148	153	149
Rekneskapsm. underskot	-12	-27	-12	-26	-30
Rekneskapsm. overskot	0	0	0	0	0
Udekkja i inv.rekneskapen	0	0	0	0	0
Likviditetsreserve	-17	-17	0	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp	0	10	-10	-10	-10
Anna eigenkapital	323	320	80	88	-73
Sum eigenkapital	474	455	206	204	36
Sum gjeld og eigenkapital	<b>1 944</b>	<b>2 101</b>	<b>2 076</b>	<b>2 462</b>	<b>2 366</b>

## UTVALDE TAL FRÅ BALANSEN

	2008	2009	2010	2011
Netto lånegjeld i kroner pr. innbyggjar for kommunekonsernet *	34 988	65 016	48 137	52 113
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	27 849	30 582	32 248	40 860
Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene	17,7	16,2	14,3	18,0
Eigenkapital i % av totalkapitalen	21,6	10,0	8,0	2,0
Netto pensjonsforplikting i % av driftsinntektene	10,3	10,0	9,0	21,8

\* Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktelsar). Totale utlån og ubrukta lånemidlar er trukke frå.

Lånegjelda har auka i 2011. Lånegjelda er på brutto 1, 130 milliard. Av dette er 917,5 millionar kroner lånt ut: 88,7 millionar kroner er lånt ut til innbyggjarane i kommunen (statlege etableringslån/startlån), 3,354 millionar kroner er vidarelånt til Hamnestellet og 825,5 millionar kroner til dei kommunale føretaka. Netto lånegjeld per innbyggjar i kommunekonsernet er no på 52 113 kroner noko som er vesentleg høgare enn samanlikningskommunane som har 44 731 kroner.

Veksten i lånegjelda i basisorganisasjonen heng saman med kjøp av Ådland studentheim, utbetring Jensanesvegen, IT-investeringar, trafikksikring/vegutbetring og diverse utstyr.

Stord kommunale eigedom KF har investert for ca. 74 millionar kroner i 2011, der hovudprosjekta har vore ferdigstilling av dei kommunale bustadane for vanskelegstilte/utviklingshemma, ny gravplass (kjøp av areal), rehabilitering av garderober Vikahaugane, oppsetting av brakke på Sæbø gard (dagtilbod), ny kjølar til skeisebanen og diverse andre mindre prosjekt.

Stord vatn og avlaup KF har investert for ca 26,3 millionar kroner i 2011. Hovudprosjekta har vore VA anlegg Sagvåg og Jensanesvegen, Åsbanen (nytt bustadfelt), Sandbrekko (Sponavik), Hybelsneset, Holevegen, Prestlio, avlaup Fjellgardane, Hovedvassledning frå vassverket til Presthaug samt diverse mindre prosjekt og utstyr.

Reglane for rekneskapsføring av pensjonspremie slår fast at det i rekneskapen skal først ein langsiktig premie som viser framtidige pensjonsforpliktingar, og ikkje den årlege likviditetsmessige premieinnbetalinga. Hensikta med dette er å få ein jamn belastning av pensjonsutgifter i rekneskapen uavhengig av svingningar i finansmarknaden. Dette betyr at det vil bli eit avvik mellom innbetalt premie og den pensjonskostanden som skal rekneskapsførast. Premieavviket auka frå 31 til 41 millionar kri i 2011 (og frå 23 til 31 millionar i 2010). Det har altså vore ein sterk auke i premieavviket dei siste åra, og regelverket er no endra slik at frå og med 2012 skal premieavviket dekkast inn over 10 år mot tidlegare 15 år. Berekninga av premieavviket er gjort av aktuarar i SPK og KLP. Det vanlege har vore at berekningane først føreligg i samband med rekneskapsavslutninga.


## DRIFTSREKNEKAPEN FOR KOMMUNEN SYNER SLIK UTVIKLING SISTE 5 ÅRA

	2007	2008	2009	2010	2011
Sum driftsinntekter	733 026	837 124	890 514	980 486	1 060 429
Sum driftsutgifter	-744 672	-839 415	-886 531	-959 636	-1 011 131
Brutto driftsresultat	-11 646	-2 291	3 983	20 850	49 298
Avskrivningar	29 676	32 160	22 421	10 017	10 064
Brutto driftsresultat eks avskrivningar	18 030	29 869	26 404	30 867	59 362
Netto finansposter	-24 532	-53 039	-23 082	-42 048	-60 795
Netto driftsresultat	-6 502	-23 170	3 322	-11 181	-1 433
Interne finanstransaksjoner *	-5 067	7 596	-3 322	-2 912	-1 312
Meirforbruk - /mindreforbruk +	-11 569	-15 574	0	-14 093	-2 745

\* Interne finanstransaksjoner består av: Overføring til investeringsrekneskapen (momskompensasjon), avsetningar (sjølvkost, øymerke statstilskot), bruk av avsetningar (sjølvkost, øymerke statstilskot)

Figuren nedanfor syner utviklinga i kommunen sine driftsresultat dei siste 5 åra:

## Resultatutvikling 2007-2011



Utviklinga i kommunen sitt resultat syner meir enn ei dobling i betra brutto driftsresultat i forhold til 2010. Brutto driftsresultat har styrka seg frå 20,8 millionar kroner til 49,2 millionar kroner. Kommunen sitt netto driftsresultat har og betra seg vesentleg i 2011, frå -11,1 millionar kroner til -1,4 millionar kroner. Sjølve drifta av kommunen går i pluss, driftseiningane har eit positivt resultat på 5,2 millionar kroner. Kommunen hadde i fjor ei særskild god skatteinntekt, heile 16,4 millionar kroner betre enn budsjettet.

Skilnaden mellom driftsinntekter og driftsutgifter korrigert for avskrivningar vart på 59,3 millionar kroner, eller 5,6 prosent av driftsinntektene.

Netto finansposter har svekka seg med 18,7 millionar kroner i 2011. I prosent utgjer netto finansposter 5,7 av inntektene. Hovudgrunnen til dette er svikt i avkastninga på kraftsalfondet på 9,4 millionar og negativt avvik på renteinntekter og -utgifter på 2,8 millionar kroner. Netto driftsresultat utgjer -0,1 prosent av brutto driftsinntekter, noko som er svakare enn kommunegruppa av samanlikningskommunar med 1,6 prosent. KS har tilrådd at netto driftsresultat bør utgjere 3 prosent av driftsinntektene ( om lag 31,8 millionar kroner ), kommunen sitt resultat var langt frå dette i 2010, men likevel ei sterk forbedring frå fjoråret.



Tulipanar ved Rådhuset. (foto: Connie Straume)

## FRIE INNTEKTER

Kommunen sine skatteinntekter samt det statlege rammetilskotet utgjør dei frie inntektene til kommunen. Frå 01.01 2004 vart inntekts-systemet til kommunane lagt om slik at kommunen sine frie inntekter (rammetilskotet) vart redusert for å finansiere momskompensasjonsordninga. Momskompensasjonsordninga gav

kommunen 27,7 millionar kroner i inntekter i 2011, av dette er 10,3 millionar kroner momskompensasjon av investeringar. 13,6 millionar kroner av momskompensasjonen er overført frå Stord kommunale eigedom KF, av dette 4,8 millionar kroner frå drift og 8,7 millionar kroner frå investering.

Utviklinga i frie inntekter har vore slik dei siste 5 åra:

	2007	2008	2009	2010	2011
Frie inntekter eks momskompensasjon	445 649	481 489	537 180	574 143	733 724
- skatt	323 056	351 271	388 630	421 811	419 143
- rammetilskot*	106 807	112 211	148 550	152 332	314 581
Frie inntekter pr innbyggjar	22 639	26 074	30 582	32 321	40 794
Auke frie inntekter	0,2	12,7	11,6	6,88	27,79
Momskompensasjon	34 355	24 439	30 733	28 876	27 753
av dette investering	22 651	11 122	17 040	10 708	10 363
av dette drift	11 704	13 317	13 693	18 168	17 390

\*rammetilskotet inkluderer i 2011 overføringar til private barnehagar, dette forklarar den store auken i rammetilskotet frå 2010 til 2011.

Kommunen budsjetterte opphøvelg med 717,3 millionar kroner i frie inntekter. Skatteinntgangen både lokalt og på landsbasis vart betre enn rekna med noko som gav kommunen 16,4 millionar kroner i auka skatteinntekter i 2011.

## DRIFTSREKNESKAP / BUDSJETT

Frå skjema 1A Driftsrekneskopen kjem følgjande hovudtal fram (i heile 1000 kroner)

Tekst	Regnskap	Budsjett rev.	Budsjett opph.	Regnskap
	2011	2011	2011	2010
6 Sum frie disponible inntekter	-753 832	-736 164	-742 850	-680 562
10 Netto finansinntekter/utgifter	60 796	46 377	-26 567	42 091
17 Netto avsetning	677	-3 296	-1 150	458
18 Overføring til inv.rekn.	635	635	11 190	2 455
19 Til fordeling drift	-691 723	-692 447	-759 377	-635 559
20 Sum fordelt til drift	694 469	692 448	759 378	649 653
21 Rekneskapsmessig meir-/mindre forbruk.	2 745	1	1	14 094

Frie disponible inntekter viser samla meirinntekter på 17,6 millionar kroner i høve revidert budsjett.

Frie disponible inntekter består av skatteinntekter, rammetilskot, andre generelle statstilskot og andre tilskot av generell art. Frå 2010 til 2011 har det vore ein skattereduksjon på 3,2 prosent for kommunane samla i landet. Lågare skatteinnang i 2011 enn i 2010 skuldast lågare skattøyre for personlege skattytarar. Målsetjinga med redusert skattøyre er at ein mindre del av kommunane sine inntekter skal kome

frå skatt og tilsvarande større del av inntektene gjennom rammeoverføring. Stord kommune sitt skattenivå i 2011 var 103,5 prosent av landsgjennomsnittet.

Statstilskot ressurskrevjande brukarar viser mindreinntekt på 1,7 millionar kroner, og var overbudsjettet. Meirinntekt grunna mottak av flyktingar utgjorde 0,6 millionar kroner. Rentekompensasjonsinntektene viser meirinntekt på 0,4 mill kroner, desse var underbudsjettet.

**Netto avsetning** viser ei utgift på 1,313 millionar kroner. Spesifikasjonen går fram nedanfor .

	Regnskap	Budsjett rev.	Budsjett opph.	Regnskap
	2011	2011	2011	2010
Bruk av udisponert frå tidlegare år	1	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond				9
Bruk av bundne fond	3 591	3 421	1 205	2 560
Bruk av likviditetsreserve				0
<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>3 592</b>	<b>3 421</b>	<b>1 205</b>	<b>2 569</b>
Overført til inv.rekneskopen	635	635	11 190	2 455
Avsett til dekning frå tidligare år	1	55	55	0
Avsett til disposisjonsfond				0
Avsett til bundne fond	4 269	70		3 028
<b>Sum avsetningar</b>	<b>4 905</b>	<b>760</b>	<b>11 245</b>	<b>5 482</b>
<b>Sum netto avsetningar</b>	<b>1 313</b>	<b>2 661</b>	<b>10 040</b>	<b>2 913</b>

Det står att å dekkja inn 12,3 millionar kroner av 2008-underskotet, som opphavleg var på 15,6 millionar kroner. I tillegg kjem underskot 2010 på 14,0 millionar kroner, og underskotet i 2011 på 2,7 millionar kroner. Akkumulert underskot i basisorganisasjonen er no på 29,5 millionar kroner. I tillegg kjem underskot i dei kommunale føretaka, samla på

18,2 millionar kroner, slik at akkumulert underskot for konsernet no er på 47,8 millionar kroner.

Det er brukt 3,5 millionar kroner av bundne fond, og sett av 4,2 millionar til bunde fond mot budsjettert 0,7. Dei største avsetningane er:

<b>Tverrfagleg vidareutdanning psykisk helse barn/unge</b>	<b>0,526 mill kroner</b>
Interkommunalt legevaktsamarbeid	0,389 mill kroner
Kommunalt rusarbeid	0,300 mill kroner
Samhandlingsreforma	0,297 mill kroner
Frå leige til eige	0,287 mill kroner
Frisklivsentral	0,246 mill kroner
Diverse andre øyremerka statstilskot	2,224 mill kroner

Stord rådhus. (foto: Connie Straume)



## EININGSRESULTAT

Tekst	Rekneskap	Budsjett rev.	Avvik
<b>Formannskap</b>	<b>-695 387 038</b>	<b>-700 404 928</b>	<b>-5 017 889</b>
Skatt,rammetilskot,renter	-760 157 946	-765 557 444	-5 399 498
Kyrkjeløp fellesråd	6 780 000	6 710 000	-70 000
Overføring frå Stord Kommunale Eigedom KF	-82 841 134	-82 730 050	111 084
FSK - Tilleggs/nye løyingar	-	660	660
Strategisk leiargruppe	4 049 123	4 542 488	493 365
Sekretariat	12 948 307	12 655 094	-293 213
Rekneskap og løn	5 492 280	6 055 139	562 858
Personal- og økonomi	8 468 278	8 351 115	-117 164
Personalføremål - felles	8 939 532	6 196 861	-2 742 671
Utviklingsgruppa	90 978 198	93 005 278	2 027 080
IKT - IT/Telefoni	9 956 323	10 365 932	409 609
<b>Oppvekst</b>	<b>274 190 171</b>	<b>274 984 388</b>	<b>794 217</b>
Skuleløyving haust	-274 386	481 976	756 362
Huglo oppvekstsenter	2 760 499	2 750 478	-10 022
Hystad skule	24 942 664	25 608 099	665 435
Langeland skule	25 340 657	25 349 387	8 730
Leirvik skule	27 943 712	28 385 889	442 177
Litlabø skule	10 172 521	10 157 340	-15 181
Rommetveit skule	22 308 930	21 536 012	-772 918
Sagvåg skule	18 434 400	17 959 805	-474 594
Tjødnalio skule	25 539 582	25 656 667	117 085
Stord ungdomsskule	37 041 205	36 666 751	-374 454
Nysæter ungdomsskule	22 793 868	23 083 824	289 956
Nordbygdo ungdomsskule	25 507 263	25 297 920	-209 343
Furuly barnehage	5 003 449	4 909 958	-93 492
Sagvåg/Litlabø barnehage	6 548 643	6 675 744	127 101
Skogatufto barnehage	9 554 983	9 811 132	256 149
Trodlaahaugen barnehage	5 507 640	5 510 619	2 979
Tjødnalio barnehage	5 064 541	5 142 787	78 246
<b>Rehabilitering, helse og omsorg</b>	<b>325 932 226</b>	<b>328 675 331</b>	<b>2 743 105</b>
Stord sjukeheim	92 353 215	92 428 093	74 878
Aktivitet/rehabilitering	29 427 628	29 271 680	-155 948
Eining for Habilitering	64 397 668	64 956 206	558 538
Heimebaserte tenester	66 077 694	63 876 431	-2 201 263
Legeteneste	13 642 337	12 881 766	-760 571
Sosial og førebyggjande	27 258 928	28 120 051	861 123
NAV kommune	27 467 788	30 099 800	2 632 012
Barnevern Stord	20 324 066	22 290 366	1 966 300
Kundetorg	7 842 863	8 158 620	315 757
Kundetorg - fordeling	9 536 694	7 952 400	-1 584 294
<b>Næring, miljø og kultur</b>	<b>62 867 986</b>	<b>65 386 035</b>	<b>2 518 049</b>
Kulturhus kino/kulturtenester	18 326 777	19 870 081	1 543 304
Bibliotek inkl. filialer	3 193 315	3 193 315	-0
Stord kulturskule	5 133 607	5 414 885	281 278
RBO - regulering/byggesak/oppmåling	1 037 597	1 398 383	360 786
Trafikk og beredskap	30 496 805	30 746 097	249 292
Landbruk	1 539 441	1 386 810	-152 631
Næring	3 306 666	3 435 000	128 334
Stord kommunale Kino	-166 221	-58 536	107 685

**NÆRARE FORKLARING:**

Avvik på fellesinntekter mm skuldast mellom anna avvik på moms-kompensasjon med 2,8 mill kroner, avvik på premieavvik pensjon inkl. arb.g.avg. med 5,4 millionar kroner. Samla pensjonskostnad for kommunen viste 57,18 millionar kroner mot budsjettert 54,99 millionar kroner. Statistiskot ressurskrevjande brukarar viser mindreinntekt på 1,7 millionar kroner, og var overbudsjettert. Meirinntekt grunna mottak av flyktningar utgjorde 0,6 millionar kroner. Rentekompensasjonsinntektene viser meirinntekt på 0,4 mill kroner,

desse var underbudsjettert. Det er og ein svikt i avkastninga på kraftsalsfondet på 9,4 millionar og eit negativt avvik på renteinntekter og –utgifter på 2,8 millionar kroner.

Dei største negative avika er knytt til kundetorg skule og heimebaserte tenester. Det er og einingar med mindre negative avvik, men dei fleste einingane har positive avvik, der dei største er NAV kommune, overføring til private barnehagar, barnevern, kultur og førebyggjande helse.

**KOMMUNEN SINE Plasseringar og Avkastning 2011**

Kommunen sin plasseringsstrategi har vore uendra sidan sommaren 2003. I 2004 vedtok kommunen å nytte fondet til utlån til lag og organisasjonar med inntil 12 mill kroner. Nytt finansreglement vart vedteke

i 2010, og det er etter dette gjort endringar i porteføljen for å tilpasse den til finansreglementet.

Aktivaklassar	Tal i heile 100				Tal i prosent			
	2008	2009	2010	2011	2008	2009	2010	2011
Pengemarknad	68 343	47 378	12 131	11 591	42,7	30,5	7,8	7,4
Obligasjonar	51 565	57 396	81 516	84 254	32,2	37,0	52,5	53,8
Aksjar Norske	10 063	18 473	33 814	29 007	6,3	11,9	21,8	18,5
Aksjar internasjonale	24 147	26 410	15 020	14 918	15,1	17,0	9,7	9,5
Kursregulering	-255	-259	-524	-358	-0,2	-0,2	-0,3	-0,2
Bankinnskot				603				0,4
Diverse ( gebyr, honorar o.a. )	-425	-253	-41	-38	-0,3	-0,2	-0,0	-0,0
Utlån til lag og organisasjonar	6 754	6 104	3 842	6 537	4,2	4,2	2,5	4,2
Utlån til Stord lufthamn			9 634	10 113			6,2	6,5
Sum marknadsværdi plasseringar	160 192	155 249	155 392	156 626	100	100	100	100
Avkastning i kr	-9 880	18 045	11 169	-2 805				
Avkastning i %	5,70 %	11,54 %	7,1 %	-1,8%				


Fondet gav i 2011 ei avkastning på -1,8 prosent eller 2,8 millionar kroner. Dette er avkastning inklusiv verdjustering ved årsskiftet, men ikkje realisert avkastning.

# Organisasjonskart

Folkevalde organ:



Administrasjon:





# Stord i ord og tal

Byen Stord (Stord kommune) ligg i regionen Sunnhordland i Hordaland Fylke. Stord kommune utgjer den sørlege halvdelen av øya Stord, i tillegg til dei mindre øyane Huglo og Føyno. Det utgjer eit samla areal på 144 kvadratkilometer.

Nord på øya Stord ligg Fitjar kommune. Næraste by nord for Stord er Bergen, medan Haugesund og Stavanger er dei næraste byane i sør. Kommunesenteret Leirvik er regionsenter i Sunnhordland.

Folketalet var ved årsskiftet 2011/2012: 17 957

## SYSSELSETJING:

Tal arbeidsplassar:	ca. 9 200
Privat og offentleg tenesteyting:	66,9 %
Industri, bygg og anlegg:	32,5 %
Primærnæringar:	0,6 %

## KOMMUNALE NØKKELDATA:

Ved årsskiftet 2011/2012 var det i Stord kommune 1 302 tilsette fordelt på 947 løna årsverk.

Brutto driftsinntekter:	1 060 millionar kroner
Brutto driftsutgifter:	1 011 millionar kroner (ekskl. finansutgifter/-inntekter)
Investeringar:	132 millionar kroner (inkl. 74 millionar kroner i Stord kommunale Eiendom KF og 26,3 millionar i Stord Vatn og Avlaup KF)
Lånegjeld:	1 130 millionar kroner
Finanskapital:	156 millionar kroner

Ordfører: Liv Kari Eskeland  
Rådmann: Magnus Mjør



Ordfører Liv Kari Eskeland. (foto: David Jacobsen)

10. klassingar ved Stord ungdomsskule øver til framføringa av den heimesnekra musikalen «Together as one» (foto: Inger Helene Kjekja)







STORD  
KOMMUNE



Kristorbyen



Stord kommune  
Postboks 304, 5402 Stord  
Telefon 53 49 66 00  
Telefax 53 49 66 01  
E-post: [post@stord.kommune.no](mailto:post@stord.kommune.no)

[www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no)